

Møteinnkalling

Utvalg: **Breheimen nasjonalparkstyre**
Møtested: Skjåk Almenning, Industrivegen 10, Skjåk
Dato: 11.06.2021
Tidspunkt: 10.00

Eventuelt forfall må meldes snarest til fmopsmg@statsforvalteren.no. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 11/21	Godkjenning av innkalling og sakliste - val av to medlemmar til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 12/21	Breheimen NP - Dispensasjon - 2021 - Merking av analyseruter og uttak av små mengder plantemateriale - arealrepresentativ naturovervåking ANO - Norsk institutt for naturforskning NINA	2021/4224	
ST 13/21	Sak - Breheimen nasjonalpark - Søknad om midlertidig installasjon i Lundadal - Forsking på framtidas flomvarselteneste - Pipelife	2021/5826	
ST 14/21	Vigdalen landskapsvernområde - Godkjenning av skjøtselsplan	2019/5619	
ST 15/21	Høydalen landskapsvernområde - Godkjenning av skjøtselsplan	2020/9757	
ST 16/21	Delegerte vedtak		
DS 24/21	Delegert vedtak - Breheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel på snødekt mark til fiskebu ved Lundadalsvatnet - 2022-2024 - Nils Bjarne Lund	2021/3689	
DS 25/21	Delegert vedtak - Dispensasjon - Mørkridsdalen landskapsvernområde - Knivabakkli - Motorferdsel - Helikoptertransport av material/stein til restaurering av sel - Jon Bolstad	2021/4840	
DS 26/21	Delegert vedtak - Dispensasjon - Motorferdsel - 2021-2022 - Snødekt mark - Sikilbreen - JOSTICE	2021/3660	
ST 17/21	Eventuelt		

**ST 11/21 Godkjenning av innkalling og sakliste - val av to medlemmar til
å skrive under protokoll saman med styreleiar /**



Arkivsaksnummer: 2021/4224-4

Saksbehandlar: Stein Magne Grevrusten

Dato: 26.05.2021

Breheimen NP – Strynefjellet LVO - Dispensasjon – 2021-2026 - Merking av analyseruter og uttak av små mengder plantemateriale - arealrepresentativ naturovervåking ANO - Norsk institutt for naturforskning NINA

Innstilling frå forvaltar

I styremøte den 11. juni 2021 har Breheimen nasjonalparkstyre vedteke å gje Norsk institutt for naturforskning (NINA) løyve til å gjennomføre datainnsamling som søkt om for følgjande prøveflater i Breheimen nasjonalpark og Strynefjellet landskapsvernområde:

Flate	Koordinat (x)	Koordinat (y)
ANO35	117250	6867250
ANO 234	113750	6894250
ANO 328	137250	6878250
ANO 913	130750	6872250

Løyvet er fatta med heimel i § 48 i naturmangfaldlova.

Følgjande vilkår gjeld:

- Løyvet gjeld for følgande tiltak:
 - setje ned to små metallrør i samanheng med merking av ruter for analyse (til saman 18 ruter pr. ANO-flate/område). Røyra skal brukast til å finne att posisjonen på ruta frå år til år når ruta skal analyserast på nytt.
 - uttak av små mengder plantemateriale i forbindelse med registrering av artar.
- All ferdsel i samband med registreringane skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.
- Det må etablerast gode rutinar for registrering av kvar det blir sett ut metallrør i bakken slik at ein sikrar at alle røyra blir henta inn når prosjektet er ferdig.
- Løyvet gjeld fram til prosjektet er avslutta. Metallrøyra skal fjernast så snart prosjektet er avslutta og seinast i løpet av hausten 2026.

Vi gjer oppmerksam på at dette løyvet berre gjeld i forhold til naturmangfaldlov/verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark og Strynefjellet landskapsvernområde. Søkjær er sjølv ansvarleg for å innhente eit eventuelt løyve etter anna lovverk frå Luster kommune, Skjåk kommune og grunneigar.

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av ein part eller andre med rettsleg klageinteresse, jf. forvaltningslova § 28. Frist for klage er tre veker frå vedtaket er motteke. Ei eventuell klage stilast til Miljødirektoratet, men sendast til Breheimen nasjonalparkstyre.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad frå Norsk institutt for naturforskning, datert 6. april 2021.
- E-post med tilleggsopplysningar, datert 13. april 2021.

Saksopplysningar

Søknaden er attgjeven nedanfor:

Norsk institutt for naturforskning (NINA) skal på oppdrag fra Miljødirektoratet utføre vegetasjonskartlegging i forbindelse med prosjektet «Arealrepresentativ naturovervåking» (ANO). ANO er et nasjonalt overvåningsprogram som samler inn data på viktige indikatorer for fagsystemet for økologisk tilstand. Overvåkningsprogrammet vil ikke fokusere på resultater fra enkeltområder, men alle innsamlede data vil tilsammen gi en nasjonal statistikk på langsigte endringer i norsk natur.

ANO sine overvåkingsflater er fordelt over hele fastlands-Norge. Flatene er valgt fra SSBs rutenettverk, med 500x500 meter flater og i hver flate er det lagt ut et forband på 18 punkter som undersøkes.


- *Datainnsamlingen i ANO gjøres på faste punkter og inkluderer to komponenter: Registering av variable for økologisk tilstand, herunder artssammensetning av karplanter, vegetasjonsdekning og vegetasjonsstruktur.*
- *Kartlegging av naturtyper etter NiN kartleggingsinstruks for målestokk 1:5000*

<https://www.miljodirektoratet.no/omoss/roller/miljøovervåking/overvåkningsprogrammer/basisovervåking/arealrepresentativ-naturovervåkningano/>

Følgende flater har havnet innenfor et verneområde som dere har forvaltningsmyndighet for: Her er koordinater til ANO-flatenes midtpunkt: (en flate er på 500x500m)

- ANO35 117250 6867250
- ANO 234 113750 6894250
- ANO 328 137250 6878250
- ANO 913 130750 6872250

Det søkes herved om dispensasjon til kunne sette ned to metallrør i hver rute for merking, til sammen 36 merker pr ANO-flate. Dette for å kunne gjenfinne punktene ved senere besøk. I tillegg kan det være aktuelt med uttak av små mengder plantemateriale i forbindelse med belegg for artsbestemmelse (belegg tas kun av planter som ikke er truet eller svært sjeldne). Feltarbeidet vil foregå i tidsrommet juli-september 2021 og all ferdsel i forbindelse med kartleggingen vil skje i tråd med friluftslovens regler om ferdsel og god ferdelskultur.



Karta viser plassering av dei 4 punkta som er omtala i søknaden.


I e-post datert 13. april 2021 etterlyste nasjonalparkforvaltar tilleggsopplysningar om bl.a. størrelse på metallrøyr og korleis dette er sett opp ute i felt, kor lang tid skal røyra stå ute / tidshorisont på prosjektet og kva betyr «uttak av små mengder plantemateriale» i praksis.

Same dag kom følgande svar:

Metallrørene er 1 cm i diameter og 5 eller 10 cm lange, avhengig av hvordan jorda er der rørene settes ned.

De bankes helt ned i jorden slik at de knapt er synlige. Dersom punktet treffer berg eller stein (eller annen grunn som er uegnet for å sette ned merker) blir det ikke satt ned merker. Da markeres kun med GPS. Alle punkter registreres i øvrig med differential GPS med høy presisjon, slik at vi med størst mulig sannsynlighet klarer å finne igjen merkene. Vi har også mulighet for å benytte metall-detektor for gjenfinning. Prosjektet har varighet ut feltsesongen i 2024, og rørene vil bli stående hele perioden. Det er mulig at prosjektet får videre finansiering, og at man da ønsker å besøke lokalitetene igjen i 2026. I så fall trenger vi merkene til 2026.

Under ligger et bilde av en analyseramme på 1x1 m som vi legger ned på de 18 punktene i hver flate (500x 500m). Her er det da satt ned to metallrør; et i sørvestre hjørne, og et i nordøstre hjørne av ramma. De er ikke synlige på bildet. Jeg har dessverre ikke bilde av selve merkene.



Med «uttak av små mengder plantemateriale» mener vi følgende: i noen tilfeller vil vi komme over arter som vi ikke klarer å identifisere på kort tid i felt. Dersom det er mange individer tilstede, kan det være at vi plukker med oss ett enkelt individ for å kunne artsbestemme hjemme på kontor/lab samme kveld.

Vi gjør selvfølgelig dette kun hvis: 1) det vokser mange individer på stedet, 2) at vi kan plukke ett individ uten å ta med røtter eller skade individer som vokser sammen med arten vi vil plukke og 3) at dette ikke er en fredet art – vi sender gode botanikere ut, så dersom de har mistanke om fredet, rødlistet art plukker de selvfølgelig ikke med seg noe.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Miljøverndepartementet har i brev datert 1. februar 2011 delegert forvaltningsmynde for Breheimen nasjonalpark, Strynefjellet landskapsvernområde, Mysubytta landskapsvernområde, Høydalen landskapsvernområde, Mørkridsdalen landskapsvernområde, Vigdalen landskapsvernområde og Høyrokampen naturreservat til Breheimen nasjonalparkstyre i medhald av § 62 i naturmangfaldlova.

Verneformål – forskrift

Breheimen nasjonalpark

Formålet med Breheimen nasjonalpark er å ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega naturområde som inneheld særegne, representative økosystem og landskap utan tyngre inngrep.

I verneforskrift for Breheimen nasjonalpark står det at *med dei unntaka som følger av forskrifta pkt. 1.2 og 1.3 er det forbod mot inngrep av alle slag, mellom anna oppføring av varige eller mellombelse bygningar, anlegg og innretningar.....* (§ 3 pkt. 1.1).

Forvaltingsmyndigheita kan i denne samanhengen gje løyve til forskingsaktivitet innanfor verneområda med heimel i verneforskrifta §4, jf. naturmangfaldlova § 48, når vilkåra for å gje slikt løyve er oppfylt.

I verneforskrift for Breheimen nasjonalpark står det at vegetasjon, også daude busker og tre, skal vernast mot skade og øydelegging av alle slag. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode (§ 3 pkt. 2.1). Forvaltingsmyndigheita kan i denne samanhengen gje løyve til forskingsaktivitet innanfor verneområda med heimel i verneforskrifta §4, jf. naturmangfaldlova § 48, når vilkåra for å gje slikt løyve er oppfylt.

Strynefjellet landskapsvernområde

Føremålet med Strynefjellet landskapsvernområde er å ta vare på eit naturlandskap med økologisk verdi og opplevingsverdi.

I verneforskrift for Strynefjellet landskapsvernområde står det at *området er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sitt sær preg eller karakter. Med dei unntaka som følger av forskrifta pkt. 1.2 og 1.3 er det forbod mot inngrep som vegbygging, oppføring og ombygging av varige eller mellombelse bygningar, anlegg og innretningar.....* (§ 3 pkt. 1.1). Forvaltingsmyndigheita kan i denne samanhengen gje løyve til forskingsaktivitet innanfor verneområda med heimel i verneforskrifta §4, jf. naturmangfaldlova § 48, når vilkåra for å gje slikt løyve er oppfylt.

I verneforskrift for Strynefjellet landskapsvernområde står det at *plantelivet skal vernast mot skade og øydelegging som kan endre det verna landskapet sitt sær preg eller karakter vesentleg. Innføring av nye planteartar er forbode. For dyrka mark gjeld forbodet mot innføring av nye planteartar berre planteartar som gjennom spreieing kan redusere verneområdet sin verdi* (§ 3 pkt. 2.1). Forvaltingsmyndigheita kan i denne samanhengen gje

løyve til forskingsaktivitet innanfor verneområda med heimel i verneforskrifta §4, jf. naturmangfaldlova § 48, når vilkåra for å gje slikt løyve er oppfylt.

Forvaltningsplan

I forvaltningsplanen står følgande om forskingsaktivitet:

Det er eit mål at verneområda i Breheimen kan nyttast til forsking og undervisning når det er naudsynt for kvalitet og resultat på forskings- eller undervisningsprogram, så lenge det er i tråd med verneføremålet, og nytten overstig skade/ ulempe for naturmiljøet.

Breheimen nasjonalparkstyre skal ha god kontakt med forskingsmiljøa som nyttar Breheimen og nærliggjande område.

Kunnskap om, og formidling av forskingsresultat er ei viktig oppgåve for forvaltinga.

Forskings- og undervisningsopplegg som kan gjennomførast med tilnærma same verdi utanfor verneområda, skal kanaliserast dit.

Forsking og undervisning som ikkje er i strid med verneføremålet og som skjer i samsvar med vernereglane kan skje utan løyve. Elles kan nasjonalparkstyre gje løyve til forskingsaktivitet gjennom dei generelle dispensasjonsreglane i forskriftene.

Aktivitetar i samband med forskingsprosjekt som krev løyve etter verneforskriftene, skal skje i regi av universitet, høgskule, forskingsinstitutt eller anna godkjend instans med forskingskompetanse.

Forskningsprosjekt i Breheimen nasjonalpark skal som hovudregel byggje på undersøkingar i urørt natur, eller vere retta mot aktuelle forvaltingsretta problemstillingar/utfordringar som vedkjem verneføremål og verneområde. Kravet i høve urørt natur vil ikkje vere like viktig i landskapsvernområda og forsking knytt til kulturlandskap og kulturhistorie vil bli prioritert.

Aktuelle forskningsprosjekt må tilfredsstille vitskaplege krav til oppbygging og gjennomføring.

Naturmangfaldlova

I tillegg til behandling etter verneforskrift/naturmangfaldlov må søknaden også vurderast etter naturmangfaldlovenes miljørettslege prinsipp som er nedfelt i §§ 8-12 (kunnskapsgrunnlag, føre-var prinsippet, samla belastning på økosystemet, kostnader ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar, samt miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetoder), jamfør § 7.

Vurdering

På oppdrag for Miljødirektoratet søker Norsk institutt for naturforskning (NINA) om å få utføre vegetasjonskartlegging i samband med prosjektet «Arealrepresentativ

naturovervåking» (ANO) i Breheimen. ANO er et nasjonalt overvakingsprogram som samlar inn data på viktige indikatorar for fagsystem for økologisk tilstand. Dei 4 prøveflatene, som er 500x500 m store, ligg i Breheimen nasjonalpark. Midtpunktet på den eine av desse flatene (ANO234) ligg så tett inntil grensa for Strynefjellet landskapsverneområde at flata dekkjer både nasjonalparken og landskapsvernombordet. Det er gjeve løyve til same formål i andre verneområde i Noreg tidlegare.

I § 33 bokstav h i naturmangfaldlova står det at eit av formåla med områdeværn er bevaring av referanseområder for å følgje utviklinga i naturen. I denne samanhengen må det gjerast vitskapelege registreringar for å dokumentere naturens utvikling. Eit nasjonalt prosjekt som dette, med et nettverk av flater, er i tråd med et slikt mål. I forvaltningsplanen er det eit tydeleg mål at verneområda i Breheimen skal kunne nyttast til forsking og undervisning når det er naudsynt for kvalitet og resultat på forskings- eller undervisningsprogram, så lenge det er i tråd med verneføremålet, og nytten overstig skade/ ulempe for naturmiljøet.

I praksis er det ut frå søknaden søkt om følgjande tiltak innanfor dei 4 flatene:

- setje ned to små metallrøyr i samanheng med merking av ruter for analyse (til saman 18 ruter pr. ANO-flate/område). Røyra skal brukast til å finne att posisjonen på ruta frå år til år når ruta skal analyserast på nytt.
- uttak av små mengder plantemateriale i forbindelse med registrering av artar.

Nasjonalparkforvaltar meiner at det er tilstrekkeleg kunnskap om området og konsekvensane av tiltaket. Med bakgrunn i databasar (Naturbasen og Artsdatabanken), forvaltningsplanen for Breheimen, ulike naturfaglege rapportar og generell kunnskap om området, er det god oversikt over kva som kan påverke natur og miljø negativt. Det er god oversikt over biotopar og artsmangfold i området. Ein del av desse blir følgd opp av lokalt personell frå Statens naturoppsyn (SNO). Det er ikkje registrert sårbarle lokalitetar for fugl i nærleiken til desse flatene og det er heller ikkje registrert kulturminne innanfor dei 4 flatene. Villreinen bruker områda som heilårsbeite men det blir vurdert at ein marginal aktivitet som dette ikkje vil påverke villreinen negativt (§ 8).

Med bakgrunn i kunnskapsgrunnlaget meiner nasjonalparkforvaltar at det ikkje er nødvendig å ta i bruk føre-var-prinsippet (§ 9) i saken. Slik det er beskrive i søknaden vil metallrøyra knapt vera synlege og plantematerialet som eventuelt blir teke ut er av marginal mengde. I forhold til økosystem-tilnærming og samla belastning, vurderer nasjonalparkforvaltar at det er forsvarleg å tillate tiltaka slik dei er beskrive i søknaden frå NINA. Det er ikkje vurdert at verneverdiiane eller verneformålet blir nemneverdig påverka ved gjennomføring av tiltaka. Den samla belastninga vil ikkje bli større enn den er i dag, dersom vilkåra blir følt. Det er viktig at tiltakshavar har gode rutinar for registrering av kvar det blir sett ned metallrøyr, slik at det er mogleg å finne att røyra når prosjektet er ferdig (§10). Tiltakshavar pliktar å iverksette dei tiltak som er naudsynt for at naturmangfaldet ikkje skal bli skadelidande. Om ikkje dette blir gjort, kan tiltakshavar bli pålagt å setja i verk tiltak for å rette skaden i ettertid. Når det gjeld miljøforsvarlege teknikkar sikrast dette gjennom vilkåra som er stilt i saken (§§ 11-12).



Arkivsaksnummer: 2021/5826-2

Saksbehandlar:

Trygve Snøtun

Dato: 01.06.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	13/21	11.06.2021

Sak - Breheimen nasjonalpark - Søknad om midlertidig installasjon i Lundadalalen - Forsking på framtidas flomvarseleneste - Pipelife

Innstilling frå forvaltar

Breheimen nasjonalparkstyre vedtek å gje Pipelife løyve til å installere opptil 7 mellombelse installasjonar i Lundadalalen, jf. kart i søknad datert 27.05.2021. Desse prototypane skal testast med eit mål om auke kunnskap om vassdraga og betre flaumvarslinga i regionen. Løyvet blir gjeve med heimel i verneforskrifta § 4, jf. naturmangfaldlova § 48, med følgjande vilkår:

- Løyve gjeld dei omsøkte 7 stadane markert på kart i søknad datert 27.05.2021.
- Løyve gjeld til og med sommaren 2022.
- Det skal ikkje nyttast motoriserte fartøy for transport av utstyr og menneske.
- Søkjar kan ikkje nytte permanente løysingar til å feste installasjonane, som t.d. faste boltar.
- Søkjar kan ikkje borre i fjell til innfesting.
- Det skal vere kort informasjon om prosjektet festa på installasjonar.
- Søkjar skal ta vekk installasjonar seinast hausten 2022, samt anna materiale som er tatt inn i verneområdet.

Breheimen nasjonalparkstyre minner om at løyve berre er etter verneforskrifta til Breheimen nasjonalpark.

Klage:

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova § 28. Ei eventuell klage skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Breheimen nasjonalparkstyre

[--- slutt på innstilling ---](#)

Dokument i saka

- Søknad frå Pipelife, datert 27.05.2021

- Telefonsamtale med prosjektleiar Lise M. Brøske, datert 01.06.2021

Saksopplysningar

Søknaden:

Vidare er heile søknaden frå Pipelife: «*Pipelife med partnere deltar i prosjektet Flomrespons (flomrespons.no) som eies av Regionrådet i Nord-Gudbrandsdalen og Dovre, Lesja, Lom, Sel, Skjåk og Vågå kommune. Pipelifes partnere i dette prosjektet er Telenor, NTNU og Knowit. Prosjektet er delfinansiert av Forskningsrådet. Målet er å utvikle fremtidens flomvarslingstjeneste. Pipelife har i samråd med prosjekteier pekt ut Skjøli i Lundadalalen, Skjåk kommune, som pilotvassdrag. Det er ønskelig å installere en del måleinstrumenter som en del av prototypen. Deler av disse installasjonene vil være innenfor nasjonalparken Breheimen.*

Våre installasjoner er en del av en prototype på hvordan man kan varsle flom i vassdrag på et tidligere tidspunkt enn for eksempel under høstflommen i Nord-Gudbrandsdalen i 2018, for å forhindre potensielt farlige situasjoner, og spare kommuner, privatpersoner og private bedrifter for store kostnader. Som nevnt i forvaltningsplanen for Breheimen Nasjonalpark: Det har vore utfordringar knytt til flaum fleire stader innanfor verneområda i Breheimen siste åra, både i Høydalen 2014, Rauddalen 2012 og Mørkridsdalen i 2009, 2010, 2014 og 2016.

Pipelife har i dag tre installasjoner i Skjåk kommune:

- ved Skjøli Bru
- ved Svaåe
- ved Heimste Lundadalssætre

Pipelife er opptatt av bærekraft, og legger stor vekt på spørlos ferdsel og å ivareta naturen og dens egenart i de områdene der vi setter opp våre installasjoner. Dette vil vi ta spesielt hensyn til også når vi eventuelt skal ferdes i en nasjonalpark.


For å bidra til at våre installasjoner under prosjektperioden ikke skal virke sjenerende for de som ferdes i naturen, eller for beitedyr og ville dyr, retter vi fokus på flere ting når vi skal foreta installasjonene:

- installasjonene skal være i hvit og gråtonede farger
- installasjonene skal ikke være større i størrelse enn hva som er strengt nødvendig ut i fra sensorens størrelse, se eksempel på bilde fra installasjon lengere ned. Noen vil være noe større enn denne, men ikke sjenerende.
- installasjonene vil installeres i tidsrommet 15.06.2021-01.10.2021 dersom løyvet blir godkjent og er midlertidige. Prosjektperioden og installasjonene vil stå til 01.07.2022
- vi skal vise varsomhet ved ferdsel ved breer, og vil ha med personer med kunnskap om ferdsel på bre i de tilfellene det er nødvendig
- installasjonene skal være i låsbare, egnede kasser, som skjermer elektronikk og ledninger fra mennesker og dyr

Se også bilder fra installasjon ved Heimste Lundadalssætre. Ofte får vi tilbakemeldinger på at våre installasjoner blir forvekslet med et viltkamera. Vi ønsker å feste diskrete informasjonsskriv til våre installasjoner i Lundadalalen med henvisning til Flomrespons-prosjektet, slik at en får informasjon om en nærmer seg installasjonene.

Installasjonene som planlegges er små sensorer og sendere, og en større installasjon for måling av vannekvivalent i snø, den vurderes installert i området rundt Åndfjellet (2). Noen av sensorer må festets på et rør. Nøyaktig lokasjon for elektronikken har vi dessverre ikke pekt ut, men det er planlagt befaringer i juni og juli 2021. Vi har ikke kunnet foretatt befaring


før søknaden ble sendt grunnet adkomst på vinterstid og skredfare. Det er viktig at vår hydrolog får sett området med egne øyne før endelig installasjonssted blir avgjort. Vi har likevel laget en skisse som er vist under på hvor en ser for seg at installasjonene vil være Koordinater kan eventuelt ettersendes etter ønske.



Figur 1: Installasjon ved Heimste Lundadalssætre.

Frakt av utstyr til installasjonene vil foregå med ryggsekk til føts og eventuelt leie av hest til å frakte noe festeutstyr. Vi vil eventuelt leie Sauhytta av Skjåk Allmenning, og noe teltovernattning vil kunne forekomme i liten skala, som vil følge forskriftene i forvaltningsplanen.

Installasjonene er skissert på følgende områder:



- 1) Heimaste Lundadalssætre: installert i dag
- 2) Området rundt Åndfjellet
- 3) Grjotådalen
- 4) Langs elva Skjøli, mellom utløpet av Lundadalsvatnet og Heimaste Lundadalssætre
- 5) Ved Hestfonni og Kvillingsgrovi
- 6) Ved utløpet av Lundadalsvatnet
- 7) Ved brekanten av Holåbreen
- 8) Ved smeltebekk i bakkant av Lundadalsvatnet

Vi håper på et godt samarbeid med styret i Breheimen nasjonalpark. Ta gjerne kontakt i forkant av møtet dersom dere er nysgjerrige på prosjektet eller ønsker mer informasjon. Vi kan gjerne ta en presentasjon på Teams.»

Heimelsgrunnlag

Søknaden blir vurdert i samsvar med:

1. Forskrift for Breheimen nasjonalpark, datert 7. august 2009
2. Naturmangfaldlova, datert 19. juni 2009 nr. 100.
3. Forvaltingsplan for verneområda i Breheimen

Verneformål – forskrift

Breheimen nasjonalpark vart oppretta gjennom verneplan for Breheimen av Kongen i statsråd 7.august 2009. Breheimen nasjonalparkstyre er forvaltingsmyndighet for nasjonalparken.

Føremålet med Breheimen nasjonalpark er å ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega naturområde som inneholder særegne, representative økosystem og landskap utan tyngre inngrep. Vidare er føremålet med nasjonalparken mellom anna å ta vare på vassdragsnaturen i området.

§ 3 punkt 1.1 vern mot inngrep i landskapet seier at med dei unntaka som følgjer av forskrifa pkt 1.2 og 1.3 er det forbod mot inngrep av alle slag, mellom anna oppføring av mellombelte innretningar. Det er ingen av ingen av unntaka som kan knytast opp mot omsøkt tiltak.

Forvaltingsmyndigheten kan gje løyve til forskingsaktivitet innanfor verneområda med heimel i verneforskrifta § 4, jf. naturmangfoldlova § 48, når vilkåra for å gje slike løyve er oppfylt.

Forvaltningsplan

I forvaltningsplanen står det følgjande i kapittel 3.7 Forsking om forvaltningsmål:

«Det er eit mål at verneområda i Breheimen kan nyttast til forsking og undervisning når det er naudsynt for kvalitet og resultat på forskings- eller undervisningsprogram, så lenge det er i tråd med verneføremålet, og nyten overstig skade/ ulempe for naturmiljøet.

Breheimen nasjonalparkstyre skal ha god kontakt med forskingsmiljøa som nyttar Breheimen og nærliggjande område.

Kunnskap om, og formidling av forskingsresultat er ei viktig oppgåve for forvaltinga.»

I retningslinene for forsking står det mellom anna:

«Forskins- og undervisningsopplegg som kan gjennomførast med tilnærma same verdi utanfor verneområda, skal kanaliserast dit.

Aktivitetar i samband med forskingsprosjekt som krev løyve etter verneforskriftene, skal skje i regi av universitet, høgskule, forskingsinstitutt eller anna godkjend instans med forskingskompetanse.

Forskinsprosjekt i Breheimen nasjonalpark skal som hovudregel byggje på undersøkingar i urørt natur, eller vere retta mot aktuelle forvaltingsretta problemstillingar/utfordringar som vedkjem verneføremål og verneområde.»

Naturmangfaldlova

Tiltaket vert vurdert etter dei miljørettslege prinsippa som er nedfelt i naturmangfaldlova (nml) §§ 8 - 12.

Presedens

Det er eit forvaltningsmål at verneområda i Breheimen kan nyttast til relevant forsking. Det vurderast difor til at det aktuelle tiltaket ikkje vil gje ein negativ presedensverknad.

Vurdering

I verneområda i Breheimen har det vore mange flaumhendingar etter at vernet tredde i kraft, der resultatet har vore store øydeleggingar både i og utanfor verneområdet. Regionrådet i Nord-Gudbrandsdalen med tilhøyrande kommunar og andre partnarar har starta prosjektet Flomrespons, der målet er betre flaumvarslingsteneste. Elva Skjøli i Lundadalen er utpeikt som ei ideel pilotelv som er minimalt påverka av menneskeleg aktivitet.

Det er allereie sett opp tre installasjonar utanfor verneområdet, og no blir det søkt om 7 installasjonar innanfor Breheimen nasjonalpark. Installasjonane er midlertidige og kan enkelt fjernast når prosjektpersonalet er over sommar 2022. Installasjonane blir frakta opp og tatt ned ved hjelp av ryggsekk og eventuelt kløvhest.

Tiltaket må vurderast etter den generelle dispensasjonsregelen i verneforskrifta § 4, jf. naturmangfaldlova § 48, då det er eit forbod mot inngrep som t.d. mellombelse innretringar. Forvaltingsmyndigheita kan gjere unntak frå eit verneverd tak dersom det ikkje strid mot verneverd takets føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig (...), jf. § 48, første ledd.

Søkjar opplyste om at det i denne omgang var eit avgrensa prosjekt for å skaffe meir informasjon om vassdraget og for å teste ut utstyr. Kva/om det skulle skje noko meir innanfor verneområdet etter dette var usikkert. Nasjonalparkforvaltar spurte også om korleis installasjonane var tenkt festast. Til dette vart det svart at det var mange måtar å feste dei, alt etter kva underlag og andre naturlege formasjonar som kunne nyttast.

Kunnskapsgrunnlaget (naturmangfoldlova § 8) er godt dokumentert. Det er god oversikt over kva som kan påverke naturverdiane og landskapet i området. Området i Lundadalen er registrert som barmarksbeite for villrein, samt at det er ein trekkveg som kryssar midt i dalen. Vidare er det i områda kring to av installasjonane registrert hekkelokalitetar. Desse er vurdert til å vere robuste. Det er ikkje snakk om bruk av motorisert ferdsel ved montering og nedtaking, installasjonane er små og diskrete som vil ha minimal påverknad på dyrelivet i området og vil vere lite belastande for økosystemet i den avgrensa prosjektpersonalet, jf. nml § 10. Det skal ryddast opp etter gjennomført prosjektpersonalet og materiale og utstyr skal takast ut or området utan bruk av motorisert ferdsel (nml § 12). Etter det nasjonalparkforvaltaren kan sjå, føreligg det tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfaldet og kva effektar tiltaket vil ha på naturmiljøet. Føre-var-prinsippet vert difor ikkje vektlagt i denne saka (nml § 9). Ein kan ikkje sjå at tiltaket vil føre til skade på natur og miljø som krev erstatning (nml § 11).

Nasjonalparkforvaltar vurderer prosjektet som samfunnsnyttig og viktig både innanfor og utanfor verneområdet. Verneføremålet tilseier at ein skal ta vare på vassdragsnaturen. Det har vore mange flaumar fleire stadar kring verneområda i Breheimen. Det viktig med betre kunnskap om vassdraga slik at varslinga blir betre, og samstundes vil det kunne hjelpe forvaltinga. Valet av Skjøli i Lundadalen er etter det forvaltar forstår grundig vurdert som ei eigna elv til denne type undersøking.

Som mellombelse innretningar som skal vere der litt over eit år, og som skaffar verdifull kunnskap, meiner forvaltar at nytten overstig ulempen for dette tiltaket. Men om det er planlagt at det skal vere innretningar permanent i etterkant av undersøkingane, stiller saka seg noko annleis. Dette må i tilfelle søkast om.

Det er viktig at ein mellombels innretning som skal nyttast til forsking ikkje skal sette varige spor i naturen. I dette tilfelle er det aktuelt i samband med festing av innstallasjon. Det er ikkje ønskjeleg med boring og metallboltar i fjell.

Konklusjon

Ut ifrå ei samla vurdering meiner nasjonalparkforvaltaren at forskingsprosjektet Flomrespons er samfunsmessig viktig, og det er også viktig for forvaltninga å få endå meir kunnskap om vassdragsmiljøet i verneområda i Breheimen. Prosjektet treng ikkje å nytte motoriserte hjelpemiddel for montering og nedtaking, og ein kan sikre seg at det ikkje set varige spor i naturen. Forskinsprosjektet vurderast som å vere i tråd med verneformålet, der nytten overstig ulempen for naturmiljøet.

Med heimel i verneforskrifta § 4, jf. naturmangfaldlova § 48 meiner nasjonalparkforvaltar at det er grunnlag for å gje løyve etter grunninga over.

Forvaltningsmyndigheten vil gjennom vilkår kunne sikre at prosjektet blir gjennomført mest mogleg skånsamt.



Arkivsaksnummer: 2019/5619-15

Saksbehandlar:

Trygve Snøtun

Dato: 03.06.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	14/21	11.06.2021

Vigdalen landskapsvernombord - Godkjenning av skjøtselsplan

Innstilling frå forvaltar

Breheimen nasjonalparkstyre godkjenner dokument «Vigdalen landskapsvernombord – skjøtselsplan for heilskapleg kulturlandskap» datert 18. november 2020 med dei endringane som er foreslege i denne saka. Vedtaket er gjort med heimel i vedtekter for Breheimen nasjonalparkstyre punkt 8.2, jf naturmangfaldlova § 47.

Godkjent skjøtselsplan vil danne grunnlag for skjøtselsavtalar og søknad om midlar gjennom den årlege bestillingsdialogen med Miljødirektoratet.

[--- slutt på innstilling ---](#)

Dokument i saka

- Uttale frå Hans H. Urdahl, datert 4. mars 2021
- Uttale frå Oddvar Vigdal, datert 4. mars 2021
- Utkast skjøtselsplan for Vigdalen landskapsvernombord, datert 18. november 2020, Miljøfaglig utredning AS

Heimelsgrunnlag

Delegering

Miljøverndepartementet har i brev av 1. februar 2011 delegert forvaltningsmynde for Vigdalen landskapsvernombord til Breheimen nasjonalparkstyre. Dette er gjort med medhald i naturmangfaldlova § 62.

I nasjonalparkstyrets vedtekter av 1. januar 2020 punkt 8.2 om skjøtsel står det:

Som forvaltningsmyndighet skal styret ut fra naturmangfoldloven § 33 og verneformålet i de enkelte verneforskrifter vurdere behov for og nødvendig gjennomføring av skjøtsel og tilrettelegging. Plan for skjøtsel og eventuell tilrettelegging skal, jf. §§ 35 og 36 siste ledd, inngå i en forvaltningsplan godkjent av Miljødirektoratet. Forvaltningstiltak iverksettes på et kunnskapsbasert grunnlag i samsvar med vedtatte forvaltningsplaner/skjøtselsplaner.

Verneformål – forskrift

Føremålet med Vigdalen landskapsvernombordet er å ta vare på eit natur- og kulturlandskap med økologisk verdi, kulturell verdi og opplevingsverdi, og som er identitetsskapande.

Vidare er føremålet med landskapsvernombordet å:

- ta vare på biologisk mangfold som pregar landskapet.
- ta vare på kulturhistoriske verdiar, stølar og kulturminne.
- ta vare på geologiske førekomstar og breforma landskap som U-dalar, breen sine avsetningar og andre kvartærgeologiske førekomster.

Ålmenta skal ha høve til natur- og landskapsoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

Vidare seier § 6 i verneforskrifta følgande om skjøtsel:

Forvaltningsstyresmakta eller den forvaltningsstyresmakta bestemmer kan setje i verk skjøtselstiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- og kulturtilstanden som er føremålet med vernet.

Forvaltningsplan

I forvaltningsplanen for verneområda i Breheimen står det bl.a.:

Det er eit mål å ta vare på natur- og kulturlandskap med økologisk verdi, kulturell verdi og opplevingsverdi og som er identitetsskapande, jf. verneføremålet i § 2 i verneforskriftene for landskapsvernombordet. Det er under dette eit mål å ta vare på verdifulle seter- /stølsmiljø i desse områda, med fokus på å halde landskapet på og rundt seter-/stølsområda ope. Vegetasjon som utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart skal takast vare på, t.d. gamal haustingsskog i Mørkridsdalen landskapsvernombordet. Det eit mål å ta vare på biologisk mangfold som pregar landskapet, medrekna støls-/setervollar, slåttemark og naturbeitemark.

Nasjonalparkstyret kan setje i verk skjøtselstiltak for å ta vare på verneføremålet med heimel i verneforskrifta § 6, jf. naturmangfoldlova § 47.

Også skjøtselstiltak som fell inn under naturmangfoldlova § 47 som styret tek initiativ til, men som grunneigar utfører, kan gjennomførast utan dispensasjon.

Tiltak som ikkje bidreg til å ta vare på verneføremålet, vert ikkje rekna som skjøtselstiltak i medhald av naturmangfoldlova § 47 (t.d. tilrettelegging) og må ha løyve frå nasjonalparkstyret.

Naturmangfaldlova

§ 47 i naturmangfaldlova seier følgande om skjøtsel i verneområda:

I verneområder etter dette kapitlet kan forvaltningsmyndigheten foreta skjøtsel og grensemerking av verneområdet. Forvaltningsmyndigheten skal, hvis mulig, inngå avtale med grunneieren om at denne utfører nærmere bestemte skjøtselstiltak.

Forvaltningsmyndigheten kan også inngå avtale med interesserte organisasjoner eller andre om at disse utfører slike skjøtselstiltak.

Som skjøtsel kan foretas tiltak for å opprettholde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er formålet med vernet, herunder tiltak for å kanalisere ferdsel, fjerning av vegetasjon eller fremmede treslag og restaurering etter naturinngrep.

Skjøtselstiltak som innebærer høsting av naturlige ressurser eller en vesentlig endring i naturtilstanden slik den var da vernearbeidet tok til, jf. § 42 eller § 45 første ledd, kan ikke skje etter denne paragraf.

Berører skjøtselstiltak privat eiendom eller rettigheter i verneområdet, skal eieren eller rettighetshaveren så vidt mulig varsles på forhånd.

Økonomiske fordeler ved gjennomføring av skjøtselstiltak tilfaller grunneieren eller rettighetshaveren.

Beslutninger om å iverksette skjøtselstiltak etter første og andre ledd er ikke enkeltvedtak.

Utkast til plan for skjøtsel av verneområdet skal om mulig legges frem samtidig med at verneforskriften blir fastsatt.

Vurdering

Miljøfaglig Utredning AS har laga eit utkast til skjøtselsplan for heilsaklege kulturlandskap i Vigdalen landskapsvernombord i Luster kommune. Vigdalen landskapsvernombord ligg i det sørvestre hjørnet av Breheimen nasjonalpark, og er ein sidedal til Jostedalen. Landskapsvernombordet er 29,2 km². Dei tre stølane Vigdalsstølen, Breidsete og Drivande, ligg mellom 750 og 850 moh., og er sentrale i landskapsvernombordet.

I mai 2018 vedtok Breheimen nasjonalparkstyre oppstart av arbeid med skjøtselsplan for Vigdalen LVO i tråd med kontrakt mellom Miljøfaglig Utredning og Fylkesmannen i Oppland. Som ein del av involveringa i arbeidet med skjøtselsplanen arrangerte Breheimen nasjonalparkstyre eit oppstartsmøte kombinert med synfaring i Vigdalen den 26.juni 2018. Frå grunneigarane og brukarinteressene var det seks frammøtte og elles var Luster kommune, Luster Austre Fjellstyre, Miljøfaglig Utredning, Statens naturoppsyn, Breheimen nasjonalparkstyre og nasjonalparkforvaltar representert. Informasjon og innspel frå dette møtet vart teke med i utkastet til skjøtselsplan som vart utarbeid i etterkant.

I slutten av januar 2020 presenterte Kirstin Flynn Steinsvåg frå Miljøfaglig Utredning utkast til skjøtselsplan for interessantar på Rådhuset i Gaupne. Innspel frå interessentane vart i etterkant innarbeida i nytt utkast.

Arbeidet med skjøtselsplanen har inkludert ei kartlegging av naturtypar og naturverdiar i kulturlandskapsområda, med hovudfokus på dei tre stølsområda. Formålet har vore å få ei

oppdatering av kunnskapen om verdifulle naturtypar i landskapsvernområdet, både ved kvalitetssikring av kjende lokalitetar og ny vurdering av tilstand og behov for skjøtsel.

Omsynet til brukarinteressene er viktig i eit arbeid med en skjøtselsplan. Skal skjøtselsplanen bli eit godt verktøy, er vi avhengige av godt samarbeid med grunneigar og brukare av området. Skjøtselsplanen vil vera eit viktig verktøy både for dei som skal gjennomføre den praktiske skjøtselen, men også for forvaltninga som skal drive overvaking av tilstanden og utviklinga i eit område.

Skjøtselsplanane for dei heilskaplege kulturlandskapsområdane på Fjellstølen, Breidsete og Drivande er bygd opp på denne måten:

1. NiN-kartlegging
2. Naturtypelokalitetar og naturverdiar
3. Bevaringsmål
4. Skildring av tiltak

I Vigdalen er det ikkje aktiv støling men det er eitt gardsbruk som nyttar areala i landskapsvernområdet til beiting. Gardsbruket har storfe og hest. I tillegg er det noko sau som trekkjer til Vigdalen frå nabodalføra. Dyra går spreidd i dalføret, men held seg nok mest kring Breidsete og Fjellstølen. Naturbeitemarkene er framleis opne, men er i meir eller mindre grad prega av noko attgroing. På Vigdalsstølen (Fjellstølen) har nasjonalparkstyret støtta eit beiteprosjekt sidan 2016 for å auke beitetetrykket og hindre attgroing. Det har også vore tiltak for å rydde bjørk og einer. Dei siste åra har det vore brukt midlar til å fjerne gran innanfor verneområdet.

I skjøtselsplanen er naturbeitemarkene på stølane avgrensa som viktige naturverdiar. Vidare er det laga bevaringsmål og skildra skjøtselstiltak for å sikre og betre verdiane av desse. Det er også laga bevaringsmål med skjøtselstiltak for framande artar, problemartar og kulturminne. Mykje av tiltaka omhandlar beitedyr, manuell rydding og slått.

Breheimen nasjonalparkstyre vedtok i styremøte 27. november 2020 at utkastet til skjøtselsplan skulle sendast ut på høyring. Utkast til skjøtselsplan, styrets utvalssak og eit følgjebrev vart sendt ut med høyringsfrist den 5. mars 2021 til følgande aktørar:

Adresseliste - Skjøtselsplan - Vigdalen landskapsvernområde januar 2021		
Gbnr	Namn	Adresse
DRIVANDE		
35/2	Tormod Alme	Dalsdalen 79, 6872 Luster
35/3	Lasse Tuften	Øvre Nes 11, 6875 Høyheimsvik
35/1	Ole Einar Kilen	Åsvegen 30, 7715 Steinkjer
35/1	Linda Marie Kilen	Sagglassvegen 7, 7717 Steinkjer
VIGDALSTØLEN		
36/1	Oddvar Vigdal	Vigdalen 385, 6868 Gaupne
36/2	Anne Perlaug Fossøy	Klokkesteinvegen 63, 6869 Hafslo
36/2	Aud Berit Fossøy	Stranda 11 a, 6809 Førde
36/2	Reidun Fossøy	Hestehovsbakken 2, 3520 Jevnaker
36/2	Gunnstein Vigdal	Strømliveien 59, 3047 Drammen
36/3	Willy Vigdal	Vigdalen 226, 6868 Gaupne
36/4	August Johan Evensen	Dålåstigen 481, 2647 Sør-Fron
36/5	Anne Perlaug Fossøy	Klokkesteinvegen 63, 6869 Hafslo
36/6	Kjellunn Susanne Vigdal,	Øyagata 14 c, 6868 Gaupne
36/8	Narve Johannes Bjørk	Ulvastad 30, 6899 Balestrand
36/9	Vigdal Krins (adresse og kontaktperson manglar)	
36/10	Kåre Vigdal	Etterstadsetta 128, 0659 Oslo
36/11	Bjarne Fossøy	Romsdalsvegen 1133, 2665 Lesja
36/11	Kåre Fossøy	Bukti 5, 6868 Gaupne
36/11	Magne Fossøy	Nedre Fosseheim 5 B, 6800 Førde
36/11	Malfred Fossøy	Ekrevegen 19, 6873 Marifjøra
36/14	Svein Jarle Vigdal	Vigdalen 429, 6868 Gaupne
36/16	Steinar Lorens Leirmo	Aunesvegen 2, 6230 Sykkylven
36/17	Klaus Olav Vigdal	Bruflat 15 B, 6868 Gaupne
BREISETE		
53/1	Liv Ellingseth	Skildheimsvegen 227, 6872 Luster
53/2	Gøril Elsebè Urdahl	Skildheimsvegen 226, 6872 Luster
53/3, 4, 5	Hans H. Urdahl	Skildheimsvegen 200, 6872 Luster
	Andre, sendast per e-post	
	Vigdalen grändlag v/Bente Vigdal	
	DNT Oslo og Omegn v/Tor Martin Stenseng	tor.martin.stenseng@dnt.no
	Marit Aakre Tenna (styreleiar Breheimen nasjonalparkstyre)	kvegdrift@gmail.com
	Vestland fylkeskommune, Kulturminner	post@vfl.no
	Stephan Smeby (Luster kommune, landbruksavdelinga)	postmottak@luster.kommune.no
	Liv Byrkjeland (SNO)	liv.byrkjeland@miljodir.no
	Øyvind Angard (SNO)	oyvind.angard@miljodir.no
	Stein Magne Grevrusten (nasjonalparkforvaltar)	timopsgm@statsforvalteren.no
	Jo Trygve Lyngved	jo.trygve.lyngved@skjak-almenning.no
	Gunn Tove Nyheim	gunn.tove.nyheim@bbnett.no
	Aina-Elise Stokkenes	ainabolstad@outlook.com
	Åslaug Hansegård, Breheimsenteret	jostedal@jostedal.no
	Lise Havik	lise.havik@dnt.no
	Henny Karin Skildheim	hennykarin@ive.no
	Inger Marie Ensrød	ensruan@gmail.com
	Norsk Fjellmuseum repr.	mai@fjell.museum.no
	Steinar Bruheim, Jostedalen Breforarlag	post@bfj.no
	Elisabeth Dahle	elisabeth.dahle@inf-nett.no
	Luster kommune	postmottak@luster.kommune.no
	Skjåk kommune	post@skjakk.kommune.no
	Lom kommune	post@lom.kommune.no
	Innlandet fylkeskommune	post@innlandetfylke.no

Høyringsbrevet vart sendt til bl.a. grunneigarar, organisasjonar og myndigheter som kan bli omfatta av planen. Høyringa vart i tillegg annonser i Sogn Avis.

I følgjebrevet vart det påpeikt at alle som har interesser i Vigdalen landskapsvernområde er velkomne til å uttale seg om skjøtselsplanen. Andre som har meininger om innhaldet i skjøtselsplanen for Vigdalen landskapsvernområde var også velkomne til å uttale seg.

I brevet vart det spesielt oppfordra til å koma med tilbakemeldingar på ting som er knytt til følgande tema:

- Tiltaka som er føreslege i planen.
- Prioriteringane som er føreslege i planen.
- Eventuelle faktafeil i planen.

Det kom inn 2 uttaler innan høyringsfristen. Nedanfor er dei mest relevante momenta drege ut med ein kommentar frå forvaltar der dette er nødvendig. Uttalene i si heilheit ligg som vedlegg til saka.

Uttale Oddvar Vigdal, grunneigar:

- Positivt at ein plan for skjøtsel endeleg kjem på plass. Det har me venta på. Dokumentet verkar som eit godt utgangspunkt for vidare drift.

Kommentar: Tatt til orientering

- Mykje kan seiast, kanskje er det til dømes ikkje alt som stemmer når det kjem til noko av historikken. Det har vel strengt talt ikkje all verdens å bety i den store sammenheng.

Kommentar: Vi ønskjer jo at dokumentet skal vere så rett som mogleg, og Miljøfaglig Utredning har etter beste emne forsøkt å få historikken så presis som mogleg.

- Ellers var det muligens enkelte som tykte høyringsfristen vart noko kort.

Kommentar: Sekretariatet brukte noko lang tid på å få sendt ut papira, særskilt på å få rett adresseliste. Likevel var det litt over 3 veker høyringsfrist.

- Eg tør minna om at det er ei stor oppgåve forvaltinga har teke på seg. Vonar styresmaktene set av rikeleg med ressursar til dette arbeidet.

Kommentar: Breheimen nasjonalparkstyre må søkje om tiltaksmidlar som tidlegare. Ein skjøtselsplan gir ikkje automatisk meir midlar, men er eit viktig kunnskapsgrunnlag for å argumentere for dei ulike prosjekta. For å gjennomføre tiltaka må forvaltinga samarbeide med grunneigarar, organisasjonar og andre offentlege organ.

Uttale Hans H. Urdahl, grunneigar:

I rapporten frå Miljøfaglig Utredning står det at «Grunneigarar/brukarar har delteke i prosessen med å lage skjøtselsplan og på synfaringar». «Forslag til skjøtselstiltak byggjer på samarbeid med grunneigarar/bruksrettshavarar i område». Det er feil. Det er heilt ukjent for meg at det har foregått eit arbeid med utarbeiding av skjøtselsplan for Breisete/Vigdalen landskapsvernområde før eg vinteren 2020 vart innkalla til møte på rådhuset i Gaupne. Dei to andre grunneigarane på Breisete har heller ikkje delteke i utarbeidinga av skjøtselplan.

Kommentar: Tatt til orientering

Ein raud tråd gjennom planen er å få auka beitinga og antal beitedyr. Slik som ein ser utviklinga er det små sjansar for at antal beitedyr kjem til å auka. Ein må konsentrera seg om å nytta ut dei beitedyra som er, på beste måte. Mitt forslag er å komma i gang med beiting så tidleg på sommaren som mogleg. Det er lite beitedyr i område før byrjinga av juli. Det må oppfordrast til å starta beitinga tidligare, då smakar plantene best og næringsinnhaldet er høgast. Ein får då ein lengre beitesesong.

Kommentar: Det er ingenting i vegen for å komme tidleg i gang med beite. Dette kan forvaltinga ha ein dialog med beitebrukar om.

Det er lagt opp til mykje manuelt arbeid og bruk av beitedyr for å nå måla i planen. Eg håpar at det kan tillatast ein skånsam bruk av plantevernmidlar i enkelte tilfelle. I planen er det lagt opp til inngjerding, beiting og opptrakking av hest og storfe. Dette kan fort føra til store sår i plantedekke som kan ta mange år å reparere. Eg vil her komma med eit forslag om korleis eg kan fjerne tyrihjelm og brennesla på Breisete. Område der det veks tyrihjelm på Breisete er på ca 0,1 dekar. Her brukar ein eit bladherbesid og sprøytemiddelmengden på 40 ml (herav er 28 ml virkestoff) og 5 l vatn. Brennesla punktsprøyer ein med same middelet. Så set ein opp eit el. gjerde rundt det sprøpta område for å oppfylla behandlingfristen. Behandlingfristen er på 2 til 3 veker, etter kva middel ein vel. Etterpå kan ein byrja med manuell fjerning om det skulle vere nødvendig.

Kommentar: Bruk av plantevernmidlar innanfor verneområda ønskjer ein i utgangspunktet ikkje. Det er eit vern av plantelivet i Vigdalen LVO, jf. § 3, pkt 2 i verneforskrifta, så bruk av plantevernmidlar blir vurdert strengt. Breheimen nasjonalparkstyre har også gode eksempler på at manuell fjerning av problemartar fungerer, særskilt er dette prøvd med hell i Mørkridsdalen.

På Breisete skal det vere 8 tufter og 60 kokegropar. Det hadde vore ønskjelig at tuftene og kokegropene vart avmerka på eit kart og at kartet vart tilgjengeleg for grunneigarane på Breisete.

Kommentar: Forvaltar kan høyre med Vestland fylkeskommune, som har kulturminneansvaret, om det er mogleg.

Saltstein på Drivane. Det er anbefalt i utkastet til skjøtselplan at det kan setjast opp saltstein i skogkanten for å lokka til seg fleire beitedyr. Litt historie: Vigdalen, Breisete og Drivande/Kilen har kvar sitt hjortevald. Det har vore drive jakt i desse valda i mange år. For sirk 20 år sidan vart det vanleg å setja opp saltstein i hjortevalda. Det var saltstein på Drivande og vi hadde saltstein i Breisetedalen/Storhaug. Saltsteinane var som magnetar for hjorten. Eg hadde viltkamera ståande ved saltsteinen i mange år. Det viste seg at det var mange fleire hjort enn sau/kyr som besøkte saltsteinen. Det vart skote hjort ved saltsteinen både på Drivande og hjå oss. I 2016 vart det forbode å leggja ut før eller setja opp saltstein til hjortevilt. Etter det vart det slutt på å setja opp saltstein. No er det i skjøtselplan anbefalt å setja opp ein saltstein i skogkanten på Drivande for å trekka til sau og kyr. Det er heilt sikkert at den eine saltsteinen vil trekka til seg hjort frå dei andre hjortevalda i område. Dette blir ein stor ufordel for hjortevalda på Breisete og Vigdalen. Blir det gitt løyve til å setja opp saltstein på Drivande, må det også gjevast løyve til å setja opp saltstein på Breisete og Vigdalen i område som treng meir beiting. Vil ein delta i kampen mot skrantesjuka må ein ikkje gje løyve til at hjorten frå heile område går og sleiker på ein felles saltstein.

Kommentar: Bruk av saltstein til beitedyr kring stølsvollane er vanleg sjølv om den også tiltrekker seg hjort. I dag er blir det nytta saltstein på Fjellstølen. Ein veit at dette kan vere eit effektivt og enkelt tiltak for å styre noko av beitetrykket. Forslag i skjøtselsplanen om bruk av saltstein fordrar samarbeid med beitebrukar.

Til slutt vil eg be om å få høve til å delta når det skjer noko som berører våre eigedommer på Breisete.

Kommentar: Tatt til orientering.

Uttalene er generelt positive til skjøtselsplanen for Vigdalen landskapsvernombordet. Det blir lagt til grunn at ein godkjent skjøtselsplan vil styrke moglegheitene til å få midlar til skjøtsel. Det vil difor vera viktig å følgje opp skjøtselsplanen med tilstrekkelege ressursar, både i oppfølging av bevaringsmåla og med midlar til dei konkrete skjøtselstiltaka, for at det biologiske mangfaldet som er knytt til kulturlandskapet skal bli oppretthalde.

Omsynet til brukarinteressene er viktig i skjøtselsarbeidet i eit landskapsvernombordet. Skal skjøtselsplanen bli eit godt verktøy, er vi avhengige av godt samarbeid med grunneigar og brukarane av området. Skjøtselsplanen vil vera eit viktig verktøy både for dei som skal gjennomføre den praktiske skjøtselen, men også for forvaltninga som skal drive overvaking av tilstanden og utviklinga i eit område.

Konklusjon

Forvaltar tilrår at Breheimen nasjonalparkstyre godkjenner utkastet til skjøtselsplan for Vigdalen landskapsvernombordet. Utkastet ligg vedlagt og vil bli endra i tråd med nasjonalparkstyret sitt vedtak etter møtet.



Arkivsaksnummer: 2020/9757-13

Saksbehandlar:

Stein Magne Grevrusten

Dato: 28.05.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	15/21	11.06.2021

Høydalen landskapsvernområde - Godkjenning av skjøtselsplan

Innstilling frå forvaltar

Breheimen nasjonalparkstyre godkjenner dokumentet «Høydalen landskapsvernområde – skjøtselsplan for heilskapleg kulturlandskap» datert 8. oktober 2020 med dei endringane som er foreslege i denne saka. Vedtaket er gjort med heimel i vedtekter for Breheimen nasjonalparkstyre punkt 8.2, jf. naturmangfaldlova § 47.

Godkjent skjøtselsplan vil danne grunnlag for skjøtselsavtalar og søknad om midlar gjennom den årlege bestillingsdialogen med Miljødirektoratet.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Uttale frå Statsforvalteren i Innlandet, datert 25. februar 2021
- Uttale frå Lom fjellstyre, datert 26. februar 2021
- Uttale frå Statskog, datert 26. februar 2012
- Uttale frå Naturvernforbundet i Ottadalen og Sel, datert 28. februar 2021.
- Utkast skjøtselsplan for Høydalen landskapsvernområde datert 8. oktober 2020, Miljøfaglig utredning AS

Heimelsgrunnlag

Delegering

Miljøverndepartementet har i brev av 1. februar 2011 delegert forvaltningsmynde for Høydalen landskapsvernombordet til Breheimen nasjonalparkstyre. Dette er gjort med medhald i naturmangfaldlova § 62.

I nasjonalparkstyrets vedtekter av 1. januar 2020 punkt 8.2 om skjøtsel står det:

Som forvaltningsmyndighet skal styret ut fra naturmangfoldloven § 33 og verneformålet i de enkelte verneforskrifter vurdere behov for og nødvendig gjennomføring av skjøtsel og tilrettelegging. Plan for skjøtsel og eventuell tilrettelegging skal, jf. §§ 35 og 36 siste ledd, inngå i en forvaltningsplan godkjent av Miljødirektoratet. Forvaltningsstiltak iverksettes på et kunnskapsbasert grunnlag i samsvar med vedtatte forvaltningsplaner/skjøtselsplaner.

Verneformål – forskrift

Føremålet med Høydalen landskapsvernombordet er å ta vare på eit natur- og kulturlandskap med økologisk verdi, kulturell verdi og opplevingsverdi, og som er identitetsskapande.

Vidare er føremålet med vernet å:

- ta vare på eit verdifullt setermiljø, vegetasjon og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.
- ta vare på biologisk mangfald som pregar landskapet.
- ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer.
- ta vare på vakker og særprega vassdragsnatur.

Ålmenta skal ha høve til natur- og landskapsoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging.

Vidare seier § 6 i verneforskrifta følgande om skjøtsel:

Forvaltningsstyrsmakta eller den forvaltningsstyrsmakta bestemmer kan setje i verk skjøtselstiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- og kulturtilstanden som er føremålet med vernet.

Forvaltningsplan

I forvaltningsplanen for verneområda i Breheimen står det bl.a.:

Det er eit mål å ta vare på natur- og kulturlandskap med økologisk verdi, kulturell verdi og opplevingsverdi og som er identitetsskapande, jf. verneføremålet i § 2 i verneforskriftene for landskapsvernombordet. Det er under dette eit mål å ta vare på verdifulle seter- /stølsmiljø i desse områda, med fokus på å halde landskapet på og rundt seter-/stølsområda ope. Vegetasjon som utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart skal takast vare på, t.d. gammal haustingsskog i Mørkridsdalen landskapsvernombordet. Det eit mål å ta vare på biologisk mangfald som pregar landskapet, medrekna støls-/setervollar, slåttemark og naturbeitemark.

Nasjonalparkstyret kan setje i verk skjøtselstiltak for å ta vare på verneføremålet med heimel i verneforskrifta § 6, jf. naturmangfaldlova § 47.

Også skjøtselstiltak som fell inn under naturmangfaldlova § 47 som styret tek initiativ til, men som grunneigar utfører, kan gjennomførast utan dispensasjon.

Tiltak som ikkje bidreg til å ta vare på verneføremålet, vert ikkje rekna som skjøtselstiltak i medhald av naturmangfaldlova § 47 (t.d. tilrettelegging) og må ha løyve frå nasjonalparkstyret.

Naturmangfaldlova

§ 47 i naturmangfaldlova seier følgande om skjøtsel i verneområda:

I verneområder etter dette kapitlet kan forvaltningsmyndigheten foreta skjøtsel og grensemerking av verneområdet. Forvaltningsmyndigheten skal, hvis mulig, inngå avtale med grunneieren om at denne utfører nærmere bestemte skjøtselstiltak. Forvaltningsmyndigheten kan også inngå avtale med interesserte organisasjoner eller andre om at disse utfører slike skjøtselstiltak.

Som skjøtsel kan foretas tiltak for å opprettholde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er formålet med vernet, herunder tiltak for å kanalisere ferdsel, fjerning av vegetasjon eller fremmede treslag og restaurering etter naturinngrep. Skjøtselstiltak som innebærer høsting av naturlige ressurser eller en vesentlig endring i naturtilstanden slik den var da vernearbeidet tok til, jf. § 42 eller § 45 første ledd, kan ikke skje etter denne paragraf.

Berører skjøtselstiltak privat eiendom eller rettigheter i verneområdet, skal eieren eller rettighetshaveren så vidt mulig varsles på forhånd.

Økonomiske fordeler ved gjennomføring av skjøtselstiltak tilfaller grunneieren eller rettighetshaveren.

Beslutninger om å iverksette skjøtselstiltak etter første og andre ledd er ikke enkeltvedtak.

Utkast til plan for skjøtsel av verneområdet skal om mulig legges frem samtidig med at verneforskriften blir fastsatt.

Vurdering

Miljøfaglig Utredning AS har laga eit utkast til skjøtselsplan for heilsakplege kulturlandskap i Høydalen landskapsvernombord i Lom kommune. Høydalen landskapsvernombord ligg på søraustsida av Breheimen nasjonalpark, og Høydalen er ein av dei øvste sidedalane til Bøverdalen. Landskapsvernombordet er 29,2 km². Dei to setergrendene Søre og Nørre Høydalen ligg ca. 900-950 moh. Høydalen er ein del av det nasjonalt viktige kulturlandskapet i Bøverdalen.

Som en del av involveringa i arbeidet med skjøtselsplanen arrangerte Breheimen nasjonalparkstyre eit oppstartsmøte kombinert med synfaring i Høydalen den 8. august 2018. Beitebrukarar, organisasjonar, setereigarar, grunneigar mfl. vart inviterte til dette

oppstartmøtet. Informasjon og innspel frå dette møtet vart teke med i utkastet til skjøtselsplanen som vart utarbeidd i etterkant.

I september 2020 inviterte sekretariatet til ei ny synfaring i Høydalen saman med setereigarar, Lom fjellstyre og Statens naturoppsyn Breheimen. Utkastet til skjøtselsplanen vart presentert, og under synfaringa var det einigheit om nokre mindre endringar i skjøtselsplanen som er innarbeidd i dette utkastet.

I styresak 15/20 som vart behandla den 27. november i 2020 avgjorde Breheimen nasjonalparkstyre at utkastet til skjøtselsplanen skulle sendast ut på høyring. Utkast til skjøtselsplanen, styrets utvalssak 15/20 og eit følgjebrev vart sendt ut med høyringsfrist den 1. mars 2021 til følgande aktørar:

ADRESSELISTE - HØYRING SKJØTSELSPPLAN HØYDALEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE.						
Gnr/Bnr/Fn	Namn	Adresse	Dokument tilsendt			
				på e-post	i posten	
155/1	Statskog	Postboks 63 Sentrum, 7801 NAMSOS		X		
155/1	Leir- og Bøverdalen statsallmenning	Bøverdalsvegen 496, 2687 BØVERDALEN		X		
Setereigarar - Søre Høydalen						
155/1/224	Terje Marstein og Ruth Edel Kvanndalsvoll Kvålshagen	Bøverdalsvegen 496, 2687 BØVERDALEN			X	
155/1/225	Ingvill Hanslien	Bøverdalsvegen 275, 2687 BØVERDALEN			X	
Setereigarar - Nordre Høydalen						
155/1/226	Terje Marstein og Ruth Edel Kvanndalsvoll Kvålshagen	Bøverdalsvegen 496, 2687 BØVERDALEN			X	
155/1/227	Helge Torkveen, leigar Oluf Kvålshagen	Sognefjellsvegen 412, 2686 LOM Bøverdalsvegen 496, 2687 BØVERDALEN			X	X
155/1/230	Magne Røhr	Bøverdalsvegen 291, 2687 BØVERDALEN			X	
155/1/228	Ingvill Hanslien	Bøverdalsvegen 275, 2687 BØVERDALEN			X	
155/1/229	Bjørnar Brustuen	Bøverdalsvegen 218, 2687 BØVERDALEN			X	
155/1/48	Ola Gjeilo	Prestøya, 2686 LOM			X	
Turistbedrift						
155/1/53	Høydalsseter	Knut Øyjordet, Åkervegen 2, 2680 VÅGÅ			X	
Veglag						
246/1/umatr.	Høydalsvegen v/Terje Marstein	Bøverdalsvegen 496, 2687 BØVERDALEN			X	
Andre						
	Lom kommune	Sognefjellsvegen 6, 2686 LOM			X	
	Fylkesmannen i Innlandet	Postboks 987, 2604 LILLEHAMMER			X	
	Innlandet fylkeskommune	Postboks 4404 Bedriftsenteret, 2325 HAMAR			X	
	Miljødirektoratet	Postboks 5672 Torgarden, 7485 TRONDHEIM			X	
	Forum for natur og Friluftliv Innlandet	Pb. 368, 2602 LILLEHAMMER			X	

Høyringsbrevet vart sendt til bl.a. grunneigar, seter- og beitebrukare, organisasjonar og myndigheter som kan bli omfatta av planen. Høyringa vart i tillegg annonser i avisene Fjukan og GD.

I følgjebrevet vart det påpeikt at alle som har interesser i Høydalen landskapsvernområde er velkomne til å uttale seg om skjøtselsplanen. Andre som har meininger om innhaldet i skjøtselsplanen for Høydalen landskapsvernområde var også velkomne til å uttale seg.

I brevet vart det spesielt oppfordra til å koma med tilbakemeldingar på ting som er knytt til følgande tema:

- Tiltaka som er føreslege i planen.
- Prioriteringane som er føreslege i planen.
- Eventuelle faktafeil i planen.

Det kom inn 4 uttaler innan høyringsfristen. Nedanfor er dei mest relevante momenta drege ut med ein kommentar frå forvaltar der dette er nødvendig. Uttalene i si heilheit ligg som vedlegg til saka.

Uttale Statsforvalteren:

- *Statsforvalteren støtter tiltaka og prioriteringa av tiltak som er føreslått i planen. Den store utfordringa blir som i alle andre liknande områder likevel gjennomføringa. Den vil avhenge av at Nasjonalparkstyret ber om og sett av tilstrekkeleg med ressursar til tiltaka i planen. Den føreset også at kommunen prioriterer SMIL-midlane til dei områder som er viktigast jf. skjøtselsplanen, og ikkje fordeler dette jamt utover. Vi vil derfor tilrå at Nasjonalparkstyret går i dialog med kommunen og vedtar ein økonomisk handlingsplan med bakgrunn i skjøtselsplanen.*

Kommentar: Statsforvaltaren peiker på eit sentralt punkt i denne samanhengen. Nasjonalparkstyret er heilt avhengig av dei årlege tildelingane av midlar frå Miljødirektoratet. Ut frå tidlegare erfaringar kan tildeling av midlar varierer mykje fordi det er mange om beinet. Nasjonalparkstyret meiner at samarbeidet med Lom kommune vil vera avgjerande for eit godt resultatet. Innspelet blir følgt opp.

- *Samarbeid mellom Nasjonalparkstyret, kommune, fjellstyret, grunneigarar, setereigarar og beitetlag vil være viktig. Det vil vere avgjerande at det er klargjort kven som har ansvar for gjennomføring av de ulike tiltak. Eit sentralt punkt blir derfor å etablere skjøtselsavtaler.*

Kommentar: Det blir etablert skjøtselsavtaler for tiltak som skal gjennomførast i Høydalen landskapsvernområde.

- *Som planen peiker på, er det i Høydalen som i veldig mange andre gamle seterområder dette med beitetrykket eit springande punkt. Særleg i eit så marginalt område som Høydalen kan det vere mest aktuelt å rette seg mot dei 10-12 enkeltbrukarane. Her kan ein sjå for seg ei ein nærrast skreddarsydd økonomisk kompensasjon for drive ein meir aktiv og styrt beitebruk, f.eks. med tidlegare beiteslepp, tiltak for å få meir beiting på prioriterte areal (målstyrt beiting), og gjerne kombinert med ansvar for ryddetiltak som også gjer areala meir attraktive for beitedyra.*

Kommentar: Godt innspele som blir teke med vidare sett opp mot dei årlege tildelingane frå Miljødirektoratet.

- *Det vises til beskrivinga av tilstandsklasser i tabell med bevaringsmål og tiltak, i nokre av dei kunne ein ha vore meir presise. Til dømes i tabell 2 er tilstandsklassene middels, därleg angjeve i % - vi vil foreslå å bruke antall eller dekningsgrad.*

Kommentar: Det blir vurdert at «antall» ikkje vil fungere like godt i tabell 2, mens dekningsgrad i praksis vil si det same som det som er angjeve i prosent nå.

- *Under tiltak for «seminaturleg eng», vil det vere eit prioritert tiltak å stimulere til fleire beitedyr i Høydalen, særleg storfe, gjennom tilskotsordningar. Om det er tenkt beitetilskot retta mot verdifulle kulturlandskap, er det pr i dag tilskott til å ha dyr på innmarksbeite i RMP-ordninga.*

Kommentar: Dei biologisk viktigaste areala (med unntak av eit par areal ved Søre Høydalen og eit areal ved Nordre Høydalen) er utanfor inngjerda areal.

Problemstillinga blir i fyrste rekke korleis ein kan stimulere til auka utmarksbeite i sjølve dalen. Innspelet blir teke til orientering og moglegheitene med RMP-ordninga blir teke opp med Lom kommune.

- *I tabell 1 Kulturminne bør det under bevaringsmål og kontroll gå fram av at det er Bygningsrådstjenesta i Gudbrandsdalsmusea som bør brukast. Det er erfaringar frå andre områder at kontroll av byggjetiltak etter sluttføring ikkje er tilstrekkeleg. Erfaringar har visst at det kan vere nyttig at tiltakshaver må melde frå om når arbeidet er starta opp. Da har forvalningsstyresmakta og SNO moglegheit til å kontrollere byggetiltaket i ein tidleg fase, t.d. at areal/storleik er i tråd med løyve.*

Kommentar: Blir teke inn i planen.

- *På tilstandsklassa middels på gamle ferdsselsvegar burde det stått at alle eller dei fleste råk er framkommelege.*

Kommentar: Blir teke inn i planen.

- *På tilstandsklassa därleg under bygningar kan med fordel endrast til at restaurering av enkeltbygningar ikkje skjer i tråd med lokal byggeskikk. Det er slik at om eit bygg i eit setermiljø blir bygd heilt feil, kan dette ha store konsekvensar for det samla uttrykket.*

Kommentar: Blir teke inn i planen.

- *Når det gjeld rydding av større areal, kan rydding i mange tilfelle utførast maskinelt (krattknuser mv.). Ein må være oppmerksam på at det i dei fleste tilfelle vil vere nødvendig med manuelt etterarbeid for at områda blir tilgjengelege og av god nok kvalitet for beitedyr. Manuelt arbeid må ofte være ein del av tiltaksplanane i delområda.*

Kommentar: Nasjonalparkstyret er einig i innspelet.

Uttale Lom fjellstyre:

- *For å oppretthalde det særeigne kulturlandskapet i Høydalen er ein avhengig av å auke tal beitedyr, eller med andre verkemiddel auke beitepresset i seterområdet. (.....) Fjellstyret meiner at tiltak som styrkar beitebruken og beitepresset i dei aktuelle områda må prioriterast sterkt, at det må utformast ei grundigare skildring av aktuelle tiltak for å styrke dette og ei beskriving av korleis desse tiltaka er tenkt*

gjennomført. Det er avgjerande at planlegging og utforming av tiltak blir utført i samråd med dei bruksberettiga, og at dei involverte blir tilstrekkeleg kompensert for det arbeidet som er tenkt gjort. Innsatsen frå seterbrukarane kan ikkje baserast på dugnadsarbeid, og eventuelle økonomiske tap for å halde beitedyr i dei definerte areala må belastast forvaltinga.

Kommentar: Det vil bli laga ein plan over tiltak for kvart år nå ein ser kor mykje midlar nasjonalparkstyret mottek gjennom bestillingsdialogen med Miljødirektoratet.

Gjennom årlege skjøtselsavtaler vil seterbrukarane kunne få godtgjering for utført arbeid med bakgrunn i innhaldet i avtala. Innspellet blir følgt opp.

- *Erfaringar vi har frå skjøtselsarbeid ved Gjendebu syner at manuell rydding av einer, vier og bjørk etter stutt tid vil være bortkasta om ein ikkje planlegg og legg til rette for tilstrekkeleg beitepress i ettertid. Fjellstyret meiner difor at ein plan for tiltak som stimulerer til auka beitebruk og beitepress må finansierast og være på plass før ein set i gang med manuell rydding.*

Kommentar: Godt innspel. Utfordringane med ein «ustabil» tilgang på midlar er sjølv sagt at det er ei utfordring å leggje detaljerte og langsiktige planar for skjøtselsarbeidet. Dette vil bli prioritert ut frå dei midla nasjonalparkstyret disponerer til ei kvar tid for å få til eit godt resultat i Høydalen LVO.

- *Fjellstyret finn det elles rett å kommentere at statens naturopsyn står oppført som «utførande» i samband med omtale av aktuelle tiltak i tabell 1, 2 og 3, samt i tekstdelen kapittel 3.5. I naturmangfoldlova §47 er det bestemt at: «Forvaltningsmyndigheten skal, hvis mulig, inngå avtale med grunneieren om at denne utfører nærmere bestemte skjøtselstiltak.»*

Statskog SF, som er grunneigar, har i brev 21.04.2017 til forvaltingstyra for verneområda sagt at: «I statsallmenningene er Statskog grunneier og fjellstyrrene administrerer jordbruksstilknyttede rettar og lunnande. Flere fjellstyrer har ansatt oppsyn som bl.a gjennom oppsynsinstruksen utfører oppsyn for Statskog som grunneier. I tillegg benytter Statskog tidvis fjellstyrrene/fjelloppsynet til annet feltarbeid statsallmenningene. De skjøtselsoppgaver som skal gjennomføres i verneområder i regi av forvaltningsmyndigheten kan derfor også være av interesse for fjellstyrrene... Vi ber derfor om at Statskog på lik linje med private grunneiere, får tilbud om å utføre aktuelle skjøtselsoppgaver i verneområder.»

Fjellstyret meiner at skjøtselsarbeid etter §47, i verneområda på statsallmenning i Lom, som hovudregel skal utførast av fjelloppsynet, eller etter avtale med dei bruksberettiga.

Kommentar: I § 47 første ledd i naturmangfoldlova står det slik som Lom fjellstyre påpeiker: *Forvaltningsmyndigheten skal, hvis mulig, inngå avtale med grunneieren om at denne utfører nærmere bestemte skjøtselstiltak.* I tillegg står det også at:

Forvaltningsmyndigheten kan også inngå avtale med interesserte organisasjoner eller andre om at disse utfører slike skjøtselstiltak.

I eit verneområde som dette er skjøtselsoppgåvene mangfaldige. Alt frå tiltak om rydding og pleie, skjøtselsbeiting med ulike beitedyr, gjerding og tilsyn og andre tiltak som krev spesiell kompetanse på det biologiske mangfaldet. Nasjonalparkstyret legg derfor til grunn at det er naturleg at fleire aktørar kan gjennomføre dei ulike skjøtselstiltaka i Høydalen landskapsvernombordet. Dette vil bli gjort i dialog med partane. Under «utførande» i planen vil ordlyden bli endra til: SNO, Statskog/Fjellstyret og/eller seterbrukar/rettighetshavar.

Uttale Statskog:

- *Statskog er grunneier i Leir- og Bøverdalen statsallmenning og Høydalen LVO ligger innenfor allmenningen. Vi ser det som positivt at setre og beite holdes i hevd på en god måte. Vi har derfor ingen konkrete innvendinger til selve planen som legger opp til å ivareta dette.*
- *Vi vil imidlertid bemerke at i en statsallmenning er det fjellstyret som forvalter rettighetene til seter og beite, mens det er allmenningsstyret i samråd med Statskog som forvalter skogen/virkesretten. Setre, beitearealer og virkesrett er rettigheter tillagt bestemte gårdsbruk ut fra eget lovverk og bestemmelser.*

I planen er det flere steder nevnt setereier, dette bør derfor rettes til seterbruker eller rettighetshaver ut fra at det som eies av seterbruker/rettighetshaver er bygninger og ev. andre fysiske installasjoner, mens det øvrige er rettigheter til bruk.

Kommentar: Dette vil bli korrigert i planen.

- *Under kapittel 3.4, 4.3 og 5.3 – Bevaringsmål, er det uttrykt at SNO alene eller i samarbeid med seterbruker skal utføre tiltak. Statskog viser til vårt brev av 21.04.2017, der vi viser til naturmangfoldlovens § 47, om skjøtsel av verneområder og rutiner for praktisering i statsallmenninger (vedlagt). Flere av de skisserte skjøtselsoppgavene for Høydalen LVO vil kunne være av interesse for det lokale fjellstyret/fjelloppsyn. Statskog som grunneier ønsker derfor dialog med forvaltningsmyndigheten for å inngå avtale om aktuelle skjøtselstiltak.*

Kommentar: Under «utførande» vil ordlyden bli endra til: SNO, Statskog/Fjellstyret og/eller seterbrukar/rettighetshavar.

Uttale Naturvernforbundet i Ottadalen og Sel:

- *Berggrunnen i området er viktig – ofte kan ein finne fleire sårbare og sjeldne arter der berggrunnen er kalkrik. Skjøtselsplanen bør kanskje i større grad fokusere på dei kalkrike, uberørte områda i landskapsvernombordet (LVO) ikkje berre beiteområde?*

Kommentar: Dette er eit område som ikkje, eller i liten grad, er avhengig av skjøtsel. Med avgrensa tilgang til midlar må ein prioritere dei viktigaste områda i Høydalen LVO.

- *På berggrunnskart i planen er svært kalkrike bergarter (kalkspatmarmor og kalkspatholdig skifer, blå farge på kartet) ikkje forklart, sjølv om dei er i randssona for LVO, og det bør nemnast at dei andre bergartane på kartet er rike på kalk.*

Kommentar: Dette blir teke inn i planen.

- *Vegen til området bør omtalast spesielt, er dette ein gammal seterveg? Fint at andre gamle ferdselsvegar også er tenkt på. Bør Høydalsvegen ha ein plan for skjøtsel? Denne vegen er stadig utsett for ras og vårfлом, og er krevande å vedlikehalde. Om landskapspleie og beite skal fortsetja i området må vegen være i nokolunde god stand.*

Kommentar: Vegen er viktig for brukarane av Høydalen og vegen blir teke hand om av det lokale veglaget. Det kan vurderast kontakt med kulturvernmyndighetene for å få ei avklaring på vegens status.

- *Ein annan LVO veg i Breheimen, Mysubyttvegen, har fått ein særslig løysing, i staden for å nytte lokale grustak har ein nytta "langvegsfarande" tunnelmasser til vedlikehaldet. Desse har inneholdt mykje plast (Sjå bilete over frå Sota-Mysubytt) og ein har difor bidrege til spreiing av plast i eit verneområde. Her er det viktig at ein finn kortreiste og plastfrie massar til vedlikehaldet.*

Ved sherpa-vedlikehald av turstigar er det fokusert på å nytte lokale steinsorter. Ved bruk av langvegsfarande tunnelmasse bryt ein for så vidt med dette prinsippet, og kan tilføre sure bergarter i området med kalkrik berggrunn og omvendt. Kan dette påverke den rike floraen i vekantane i Høydalen?

Kommentar: Dette er eit viktig poeng. Pr. nå er vi ikkje kjent med at det er brukt slik masse i vegen til Høydalen. Dette vil bli teke opp med veglaget i Høydalen.

- *Vidare ser ein at det fortsatt er ein del piggtrådgjerde i Lom og Skjåk. Ein viktig del av ein skjøtselsplan i 2021 burde vera å fjerne all piggtråd i verneområdet.*

Kommentar: Det blir teke inn i planen at bruk av piggtråd må skje etter gjeldande lovverk (§ 15 første ledd i lov om dyrevelferd).

- *Til slutt håpar vi at skjøtselstiltaka tek hensyn til hekketid og i størst mogleg grad blir gjennomført med stillegåande, batteridrevne reiskap.*

Kommentar: Det vil i størst mogleg grad teke omsyn til desse momenta ved gjennomføring av tiltak.


Sekretariatet har også funne ein faktafeil i utkastet til skjøtselsplan. Det står at Høydalen landskapsvernområde er 29,2 km² stort. Det rette arealet er 11,1 km². Feilen vil bli retta i den endelige versjonen av planen.

Uttalene er generelt positive til skjøtselsplanen for Høydalen landskapsvernområde. Forvaltar viser til at dei fleste kommentarane blir ivareteke i planen. Det blir lagt til grunn at ein godkjent skjøtselsplan vil styrke moglegheitene til å få midlar til skjøtsel. Det vil difor vera viktig å følgje opp skjøtselsplanen med tilstrekkelege ressursar, både i oppfølging av bevaringsmåla og med midlar til dei konkrete skjøtselstiltaka, for at det biologiske mangfaldet som er knytt til kulturlandskapet skal bli oppretthalde.

Omsynet til brukarinteressene er viktig i skjøtselsarbeidet i eit landskapsvernområde. Skal skjøtselsplanen bli eit godt verktøy, er vi avhengige av godt samarbeid med grunneigar og brukarar av området. Skjøtselsplanen vil vera eit viktig verktøy både for dei som skal gjennomføre den praktiske skjøtselen, men også for forvaltninga som skal drive overvaking av tilstanden og utviklinga i eit område. Revisjon av planen vil skje etter gjeldande anbefalingar.

Konklusjon

Forvaltar tilrår at Breheimen nasjonalparkstyre godkjenner utkastet til skjøtselsplan for Høydalen landskapsvernområde med dei endringane som er føresleger ovanfor. Utkastet ligg vedlagt og vil bli endra i tråd med nasjonalparkstyret sitt vedtak etter møtet.



Kontorstad:
Norsk
Fjellmuseum

Breheimen nasjonalparkstyre
v/Fylkesmannen i Innlandet
Postboks 987
2604 Lillehammer

26. februar 2020

Utkast til skjøtselsplan for Høydalen landskapsvernområde. Merknader fra Lom fjellstyre.

Postadresse:
Brubakken 2,
2688 Lom

Lom fjellstyre forvaltar bruksrettene og administrerer bruken og utnyttinga av rettar og lunnende i statsallmenning slik fjellova og forskrift om seter og tilleggsjord m.m. i statsallmenning bestemmer. Fjellstyret har drøfta utkastet til skjøtselsplan for Høydalen landskapsvernområde og ynskjer å kome med nokre merknader.

For å opprethalte det særegne kulturlandskapet i Høydalen er ein avhengig av å auke tal beitedyr, eller med andre verkemiddel auke beitepresset i seterområdet. Dette går fram av punkt 3.4 i skjøtselsplanen som seier at «*for å opprethalte naturverdiane knytt til seterlandskapet i Høydalen er det viktigaste å auke talet på beitedyr som går i dalen. Dalsidene gror att med bjørkeskog, eiener og vierkratt, og hardare beitepress er det einaste som kan motverke dette over tid.*» Dette er vidareført i tabell 2 og 3 under «aktuelle tiltak» som m.a. foreslår inngjerding og meir intensivt beite, å stimulere til auka beite av definerte areal og å stimulere til auka tal beitedyr og beitebruk.

Fjellstyret meiner at tiltak som styrkar beitebruken og beitepresset i dei aktuelle områda må prioriterast sterkt, at det må utformast ei grundigare skildring av aktuelle tiltak for å styrke dette og ei beskriving av korleis desse tiltaka er tenkt gjennomført. Det er avgjørende at planlegging og utforming av tiltak blir utført i samråd med dei bruksberettiga, og at dei involverte blir tilstrekkeleg kompensert for det arbeidet som er tenkt gjort. Innsatsen frå seterbrukerane kan ikkje baserast på dugnadsarbeid, og eventuelle økonomiske tap for å halde beitedyr i dei definerte areala må belastast forvaltinga.

Erfaringar vi har frå skjøtselsarbeid ved Gjendebu syner at manuell rydding av einer, vier og bjørk etter stutt tid vil være bortkasta om ein ikkje planlegg og legg til rette for tilstrekkeleg beitepress i ettertid. Fjellstyret meiner difor at ein plan for tiltak som stimulerer til auka beitebruk og beitepress må finansierast og være på plass før ein set i gang med manuell rydding.

Telefon
Dagleg leiar -
92893226

Kontonr.:
2085.07.00053

Fjellstyret finn det elles rett å kommentere at statens naturoppsyn står oppført som «utførande» i samband med omtale av aktuelle tiltak i tabell 1, 2 og 3, samt i tekstdelen kapittel 3.5. I naturmangfoldlova §47 er det bestemt at:

«Forvaltningsmyndigheten skal, hvis mulig, inngå avtale med grunneieren om at denne utfører nærmere bestemte skjøtselstiltak.»

Statskog SF, som er grunneigar, har i brev 21.04.2017 til forvaltningstyra for verneområda sagt at: *«I statsallmenningene er Statskog grunneier og fjellstyrene administrerer jordbruksstilknyttede rettar og lunnande. Flere fjellstyrer har ansatt oppsyn som bl.a gjennom oppsynsinstruksen utfører oppsyn for Statskog som grunneier. I tillegg benytter Statskog tidvis fjellstyrene/fjelloppsynet til annet feltarbeid statsallmenningene. De skjøtselsoppgaver som skal gjennomføres i verneområder i regi av forvaltningsmyndigheten kan derfor også være av interesse for fjellstyrene... Vi ber derfor om at Statskog på lik linje med private grunneiere, får tilbud om å utføre aktuelle skjøtselsoppgaver i verneområder.»*

Fjellstyret meiner at skjøtselsarbeid etter §47, i verneområda på statsallmenning i Lom, som hovudregel skal utførast av fjelloppsynet, eller etter avtale med dei bruksberettiga.

Utover dette er det ikkje spesielle merknader til utkastet.

Med helsing
for Lom Fjellstyre

Åsmund Galde
Sekr.

|



Breheimen nasjonalparkstyre
Postboks 987
2604 LILLEHAMMER
Att. Stein Magne Grevrusten

Vår dato:

25.02.2021

Vår ref:

2020/13946

Dykkar dato:

04.12.2020

Deres ref:

2020/9757-7

Sakshandsamar, innvalstelefon
Harald Klæbo, 61 26 60 56

Skjøtselsplan for Høydalen landskapsvernområde - høyringsuttale

Det vises til brev av 4. desember 2020, der *utkastet «Høydalen landskapsvernområde - skjøtselsplan for heilskaplege kulturlandskap i verneområdet»* er sendt ut på høyring.

Planen er omfattande, grundig og er generelt eit godt grunnlag for å ta vare på dei biologiske verdiane i kulturlandskapet i Høydalen LVO. Dersom dei tiltaka i planen blir gjennomført vil dette bidra til å fremme verneverdiane i landskapsvernområdet. Skjøtselstiltaka er etter vårt syn i tråd med generelle tilrådingar på dette området. Vi har disse merknadene:

Gjennomføring/ressursar

Statsforvalteren støtter tiltaka og prioriteringa av tiltak som er føreslått i planen. Den store utfordringa blir som i alle andre liknande områder likevel gjennomføringa. Den vil avhenge av at Nasjonalparkstyret ber om og sett av tilstrekkeleg med ressursar til tiltaka i planen. Den føreset også at kommunen prioriterer SMIL-midlane til dei områder som er viktigast jf. skjøtselsplanen, og ikkje fordeler dette jamt utover. Vi vil derfor tilrå at Nasjonalparkstyret går i dialog med kommunen og vedtar ein økonomisk handlingsplan med bakgrunn i skjøtselsplanen.

Samarbeid mellom Nasjonalparkstyret, kommune, fjellstyret, grunneigarar, setereigarar og beitelag vil være viktig. Det vil vere avgjerande at det er klargjort kven som har ansvar for gjennomføring av de ulike tiltak. Eit sentralt punkt blir derfor å etablere skjøtselsavtaler. Ved fleirårige avtaler om skjøtsel vil det alltid vere rammer etter til ein kvar tid gjeldande budsjett. Ang. avtaler, så er det i ein del områder praktisert 5-årige avtaler, med etterhald om midlar. Det har gjerne vore eit årleg grunnbeløp i avtalen, og eit beløp basert på areal beitet eller tal på timer med arbeid. Det siste kan fastsetjast frå år til år i tråd med ein årleg tiltaksplan. I dette ligg ein fleksibilitet i forhold til tilgjengelege midlar, samstundes som eit årleg grunnbeløp er meir føreseieleg for begge parter. Særleg for dei som skal stille opp med dyr så er det avgjerande med ein viss tidshorisont for å halde motivasjonen.



Behov for auka beiting

Som planen peiker på, er det i Høydalen som i veldig mange andre gamle seterområder dette med beitetrykket eit springande punkt. Særleg i eit så marginalt område som Høydalen kan det vere mest aktuelt å rette seg mot dei 10-12 enkeltbrukarane. Her kan ein sjå for seg ei nærmast skreddarsydd økonomisk kompensasjon for drive ein meir aktiv og styrt beitebruk, f.eks. med tidlegare beiteslepp, tiltak for å få meir beiting på prioriterte areal (målstyrt beiting), og gjerne kombinert med ansvar for ryddetiltak som også gjer areala meir attraktive for beitedyra.

Det må være eit potensial for å kunne ha meir sau i Høydalen på inngjerda beiter. Høydalen og Breheimen er i rovviltprioritert område mht. jerv og fleire beitebrukare opplever tap til jerv på utmarksbeite/fjellbeite frå år om anna. Med ein plan og samarbeid med andre beitelag vil ein kunne ha auka beiting i Høydalen, og ha noko mindre sau i områder med jerv. Eit viktig tiltak er at forvaltningsmyndigheten har dialog med beitelaga i området om dette.

Høydalen har det vore tradisjon med beite av geiter jf. utkast til skjøtselsplan. Det har mellom anna i skjøtselsarbeidet på Gjendebu (Jotunheimen NP) vore gode erfaringar med styrte beitebruk med bruk av geiter der det har vore rydda manuelt. Dette er ein svært effektiv måte å halde rydda landskap i hevd på etter at det har vore rydda. Det krevst litt arbeid med inn-transport av dyr, samt flytting av mobile gjerdar. I Frydalen har ein god erfaringar med å opprette eigne gjerdelag, som har ansvar for å halde gjerding i hevd, stå for flytting osv.

Konkrete mindre innspel:

Det vises til beskrivinga av tilstandsklasser i tabell med bevaringsmål og tiltak, i nokre av dei kunne ein ha vore meir presise. Til dømes i tabell 2 er tilstandsklassene *middels*, *dårleg* angjeve i % - vi vil foreslå å bruke antall eller dekningsgrad.

Under tiltak for «seminaturleg eng», vil det vere eit prioritert tiltak å stimulere til fleire beitedyr i Høydalen, særleg storfe, gjennom tilskotsordningar. Om det er tenkt beitetilskot retta mot verdifulle kulturlandskap, er det pr i dag tilskott til å ha dyr på innmarksbeite i RMP-ordninga.

I tabell 1 Kulturminne bør det under bevaringsmål og kontroll gå fram av at det er *Bygningsrådstjenesta i Gudbrandsdalsmusea* som bør brukast. Det er erfaringar frå andre områder at kontroll av byggetiltak etter sluttføring ikkje er tilstrekkeleg. Erfaringar har visst at det kan vere nytig at tiltakshaver må melde frå om når arbeidet er starta opp. Da har forvalningsstyresmakta og SNO moglegheit til å kontrollere byggetiltaket i ein tidleg fase, t.d. at areal/storleik er i tråd med løyve.

På tilstandsklassen *middels* på gamle ferdelsvegar burde det stått at *alle eller dei fleste* råk er framkommelege.

På tilstandsklassen *dårleg* under bygningar kan med fordel endrast til at restaurering av enkeltbygningar ikkje skjer i tråd med lokal byggeskikk. Det er slik at om eit bygg i eit setermiljø blir bygd heilt feil, kan dette ha store konsekvensar for det samla uttrykket.

Når det gjeld rydding av større areal, kan rydding i mange tilfelle utførast maskinelt (krattknuser mv.). Ein må være oppmerksam på at det i dei fleste tilfelle vil vere nødvendig med manuelt etterarbeid for at områda blir tilgjengelege og av god nok kvalitet for beitedyr. Manuelt arbeid må ofte være ein del av tiltaksplanane i delområda.



Innleiinga i planen setter søkelys på at det er opphøyr av beite som er årsak til gjengroing og trussel mot verneverdiane. Klimaendringane er også en vesentleg faktor som aukar gjengroinga i alle områder, også i seterområde som Høydalen LV. Dette gjer planen enda meir viktig, og forsterkar betydninga av tiltaka som blir foreslått og at dei blir prioriterte i forhold til ressursar.

Med hilsen

Vebjørn Knarrum (e.f.)
avdelingsdirektør

Harald Klæbo
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Breheimen nasjonalparkstyre
v/Fylkesmannen i Innlandet

Vågå, 28.02.2021

Kommentarer til skjøtselsplan for Høydalen landskapsvernområde. Saksnummer 2020/9757.

Berggrunnen i området er viktig – ofte kan ein finne fleire sårbare og sjeldne arter der berggrunnen er kalkrik. Skjøtselsplanen bør kanskje i større grad fokusere på dei kalkrike, uberørte områda i landskapsvernområdet (LVO) ikkje berre beiteområde?

På berggrunnskart i planen er svært kalkrike bergarter (kalkspatmarmor og kalkspatholdig skifer, blå farge på kartet) ikkje forklart, sjølv om dei er i randssona for LVO, og det bør nemnast at dei andre bergartane på kartet er rike på kalk.

Vegen til området bør omtalast spesielt, er dette ein gammal seterveg?
Fint at andre gamle ferdselsvegar også er tenkt på.

Bør Høydalsvegen ha ein plan for skjøtsel? Denne vegen er stadig utsett for ras og vårfлом, og er krevande å vedlikehalde. Om landskapspleie og beite skal fortsetja i området må vegen være i nokolunde god stand.

Ein annan LVO veg i Breheimen, Mysbyttvegen, har fått ein særslig løysing, i staden for å nytte lokale grustak har ein nytta ”langvegsfarande” tunnelmasser til vedlikehaldet.



Desse har inneheldt mykje plast (Sjå bilete over frå Sota-Mysbytta) og *ein har difor bidrige til spreiing av plast i eit verneområde*. Her er det viktig at ein finn kortreiste og plastfrie massar til vedlikehaldet.

Ved sherpa-vedlikehald av turstigar er det fokusert på å nytte lokale steinsorter. Ved bruk av langvegsfarande tunnelmasse bryt ein for så vidt med dette prinsippet, og kan tilføre sure bergarter i området med kalkrik berggrunn og omvendt. Kan dette påverke den rike floraen i vegkantane i Høydalen? (Bileta under er frå vegkantar i Høydalen)



Vidare ser ein at det fortsatt er ein del piggtrådgjerde i Lom og Skjåk. Ein viktig del av ein skjøtselsplan i 2021 burde vera å fjerne all piggtråd i verneområde.

Til slutt håpar vi at skjøtselstiltaka tek hensyn til hekketid og i størst mogleg grad blir gjennomført med stillegåande, batteridrevne reiskap.

Helsing for Naturvernforbundet Ottadalen og Sel
Nelly Karidatter Einstulen (leiar)

Breheimen nasjonalparkstyre
Fylkesmannen i Innlandet
Postboks 987
2604 LILLEHAMMER

Vår ref.	Deres ref.	Vår dato	Vår saksbehandler
20/7137- 3		26.02.2021	Hilde Hammer 951 08 854, hha@statskog.no

2020/9757 Høring - Skjøtselsplan for Høydalen landskapsvernområde

Viser til oversendte utkast *Høydalen landskapsvernområde - skjøtselsplan for heilskapleg kulturlandskap i verneområdet*, deres referanse 2020/9757.

Statskog er grunneier i Leir- og Bøverdalen statsallmenning og Høydalen LVO ligger innenfor allmenningen. Vi ser det som positivt at setre og beite holdes i hevd på en god måte. Vi har derfor ingen konkrete innvendinger til selve planen som legger opp til å ivareta dette.

Vi vil imidlertid bemerke at i en statsallmenning er det fjellstyret som forvalter rettighetene til seter og beite, mens det er allmenningsstyret i samråd med Statskog som forvalter skogen/virkesretten. Setre, beitearealer og virkesrett er rettigheter tillagt bestemte gårdsbruk ut fra eget lovverk og bestemmelser.

I planen er det flere steder nevnt setereier, dette bør derfor rettes til seterbruker eller rettighetshaver ut fra at det som eies av selerbruker/rettighetshaver er bygninger og ev. andre fysiske installasjoner, mens det øvrige er rettigheter til bruk.

Under kapittel 3.4, 4.3 og 5.3 – Bevaringsmål, er det uttrykt at SNO alene eller i samarbeid med selerbruker skal utføre tiltak. Statskog viser til vårt brev av 21.04.2017, der vi viser til naturmangfoldlovens § 47, om skjøtsel av verneområder og rutiner for praktisering i statsallmenninger (vedlagt). Flere av de skisserte skjøtselsoppgavene for Høydalen LVO vil kunne være av interesse for det lokale fjellstyret/fjelloppsyn. Statskog som grunneier ønsker derfor dialog med forvaltningsmyndigheten for å inngå avtale om aktuelle skjøtselstiltak.

Med hilsen

Hilde Hammer
eiendomskonsulent

Dette dokumentet er elektronisk signert

Vedlegg: 1

Kopi til:

LOM FJELLSTYRE (FJELLKASSA)

Brubakken 2

2686

LOM

Forvalningsstyrene for verneområdene (adresseliste)

Vår ref.
16/8015- 14

Deres ref.

Vår dato
21.04.2017

Vår saksbehandler
Carl Libach
480 34 989, cal@statskog.no

NML §47 - Rutine for praktisering i statsallmenninger

I naturmangfoldlovens § 47 heter det:

I verneområder etter dette kapitlet kan forvaltningsmyndigheten foreta skjøtsel og grensemerking av verneområdet. Forvaltningsmyndigheten skal, hvis mulig, inngå avtale med grunneieren om at denne utfører nærmere bestemte skjøtselstiltak. Forvaltningsmyndigheten kan også inngå avtale med interesserte organisasjoner eller andre om at disse utfører slike skjøtselstiltak.

Som skjøtsel kan foretas tiltak for å opprettholde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er formålet med vernet, herunder tiltak for å kanalisere ferdsel, fjerning av vegetasjon eller fremmede treslag og restaurering etter naturinngrep. Skjøtselstiltak som innebærer høsting av naturlige ressurser eller en vesentlig endring i naturtilstanden slik den var da vernearbeidet tok til, jf. § 42 eller § 45 første ledd, kan ikke skje etter denne paragraf.

I statsallmenningene er Statskog grunneier og fjellstyrrene administrerer jordbruksstilknyttede rettar og lunnande. Flere fjellstyrer har ansatt oppsyn som bl.a gjennom oppsynsinstruksen utfører oppsyn for Statskog som grunneier. I tillegg benytter Statskog tidvis fjellstyrrene/fjelloppsynet til annet feltarbeid i statsallmenningene. De skjøtselsoppgaver som skal gjennomføres i verneområder i regi av forvaltningsmyndigheten kan derfor også være av interesse for fjellstyrrene.

Statskog og NFS/fjellstyrrene er blitt enige om rutiner for hvordan dette skal praktiseres der dette er aktuelt. Dersom det er skjøtselstiltak som det anses aktuelt å utføre, inngår Statskog som grunneier en avtale med vernemyndigheten om oppgaven som skal gjennomføres. Statskog fjellstyrrene/fjelloppsynet kan deretter avtale seg i mellom hvordan den skal gjennomføres. (Vedlagt)

Vi ber derfor om at Statskog på lik linje med private grunneiere, får tilbud om å utføre aktuelle skjøtselsoppgaver i verneområder. Statskog ønsker også å komme i dialog med forvaltningsmyndigheten for å kunne diskutere og gi innspill til aktuelle skjøtselstiltak.

Miljødirektoratet er orientert om denne henvendelsen til forvalningsstyrene/forvaltningsmyndigheten.

Med hilsen

Carl Libach
regionsjef Midt-Norge

Dette dokumentet er elektronisk signert

Vedlegg: 1

fmntstb@fylkesmannen.no; fmnttto@fylkesmannen.no; fmstaah@fylkesmannen.no; Fmsteml@fylkesmannen.no; fmstmsb@fylkesmannen.no; fmstkth@fylkesmannen.no; FMOPLBO@fylkesmannen.no; fmopcsb@fylkesmannen.no; fmopkso@fylkesmannen.no; fmopsmg@fylkesmannen.no; fmoprsn@fylkesmannen.no; FMOPBDA@fylkesmannen.no; fmopksv@fylkesmannen.no; fmopmsn@fylkesmannen.no; fmopuul@fylkesmannen.no; fmopmli@fylkesmannen.no;	fmmrinoye@fylkesmannen.no; fmmrheme@fylkesmannen.no; fmmrinny@fylkesmannen.no; fmsfene@fylkesmannen.no; fmsfmck@fylkesmannen.no; fmsfalar@fylkesmannen.no; fmsfano@fylkesmannen.no; fmhoabh@fylkesmannen.no; fmavjth@fylkesmannen.no; fmavmso@fylkesmannen.no; gso@fmva.no; alf.odden@fylkesmannen.no; fmbuteb@fylkesmannen.no; fmbuhja@fylkesmannen.no; fmtepko@fylkesmannen.no; fmhehiny@fylkesmannen.no; fmheroef@fylkesmannen.no;
--	---


Høydalen landskapsvernområde

Utkast til skjøtselsplan for heilskaplege kulturlandskap i verneområdet



Miljøfaglig
Utredning

Rapport MU 2020-35



Framsidebilete: Gamalt steinfjøs på Torkvesætre i Nørdre Høydalen, med Høydalsvatnet i bakgrunnen. Foto: Bjørn Harald Larsen.

RAPPORT 2020-35

Utførande institusjon: Miljøfaglig Utredning AS	Prosjektansvarleg: Bjørn Harald Larsen
	Prosjektmedarbeidar(ar): Helge Fjeldstad, Geir Gaarder, Mathilde Norby Lorentzen
Oppdragsgjevar: Nasjonalparkstyret for Breheimen	Kontaktperson hos oppdragsgjevar: Bjørn Dalen
Referanse: Larsen, B. H., Fjeldstad, H., Gaarder, G. & Lorentzen, M. N. 2020. Høydalen landskapsvernombåde. Utkast til skjøtselsplan for heilskaplege kulturlandskap i verneområdet. Miljøfaglig Utredning Rapport 2020-35. 28 s. + vedlegg. ISBN 978-82-345-0079-4.	
Referat: Eit utkast til skjøtselsplan for Høydalen landskapsvernombåde er laga på bakgrunn av synfaring saman med nasjonalparkforvaltar og setereigarar samt kartlegging av naturverdiar (inkludert kartlegging etter NiN 2.1) sommaren/hausten 2018. Planen skal vurderast av nasjonalparkstyret før godkjenning. Planen er delt i 3, der den første delen er ein skjøtselsplan for kulturlandskapet i heile Høydalen. Dei to andre delane gjeld skjøtselsplanar for heilskaplege kulturlandskap innan setergrendane Søre Høydalen og Nørdre Høydalen. Det vert sett bevaringsmål for både landskap, naturtypar, artar, bygningsmiljø og andre kulturminner. For kvart enkelt bevaringsmål er det føreslekt konkrete skjøtselstiltak for å nå måla, samt metodar for å evaluere måloppnåing. Høydalen er ein del av det nasjonalt viktige kulturlandskapet i Bøverdalen. Det er ein gammal seterdal der det ikkje lenger drivast aktiv setring, men det sleppast omlag 60 kyr og 100 sauar på utmarksbeite. Desse går spreidd i Høydalen, gjerne med flest dyr i Søre og Nørdre Høydalen. Dette gjer at det framleis er opne naturbeitemarker i desse setergrendene, men attgroing med einer, vier og bjørk er eit problem i heile dalen. I alt vart det skild ut 4 viktige og lokalt viktige naturbeitemarker i dalen, og innan desse er det anbefalt fleire skjøtselstiltak for å ta vare på naturverdiane. Bygningsmiljøet på setrane er godt bevart, med bygningar i hovudsak frå 1800- og 1900-talet. Bygningar er i liten grad modernisert og bygd ut i strid med den lokale byggesikken. Det er heller ikkje bygd mange nye bygningar på setrane. Karakteristisk for Høydalen er dei relativt mange steinhusa. Søre og Nørdre Høydalen er ikkje vurdert som kulturmiljø i det nasjonalt viktige kulturlandskapet i Bøverdalen.	

FORORD

Miljøfaglig Utredning AS har laga eit utkast til skjøtselsplan for heilsakaplege kulturlandskap i Høydalen landskapsvernombord i Lom kommune. Arbeidet har inkludert ei kartlegging av naturtypar og naturverdiar i kulturlandskapsområda. Kartlegginga er utført på oppdrag frå Fylkesmannen i Oppland ved Nasjonalparkforvaltarane i Breheimen. Formålet har vore å få ei oppdatering av kunnskapen om verdifulle naturtypar i landskapsvernombordet, både ved kvalitetssikring av kjende lokalitar og ny vurdering av tilstand og behov for skjøtsel. I tillegg har alle bygningar vorte dokumentert med bilete.

Kontaktperson hos nasjonalparkstyret har vore nasjonalparkforvaltar Bjørn Dalen, som takkast for bidrag og informasjon om prosjektet. Prosjektansvarleg for Miljøfaglig Utredning har vore Bjørn Harald Larsen som også har hatt ansvaret for arbeidet i Høydalen. I tillegg har Helge Fjeldstad, Geir Gaarder og Mathilde Norby Lorentzen delteke i prosjektet, både i felt og under rapportering.

Det vart arrangert oppstartsmøte kombinert med synfaring i Høydalen 8.8.2018 av nasjonalparkforvaltaren for Breheimen. I september 2020 vart det utført ei ny synfaring i Høydalen saman med settereigarar, fjellstyre og SNO. Under synfaringa var det einigheit om nokre mindre endringar i planen som er innarbeidd i dette utkastet.

Ein takk rettast til Magne Røhr for framskaffing av ein etnologisk rapport frå Høydalen frå 1971. I tillegg rettast ein takk til alle grunneigarar for deltaking på synfaring og alle nyttige innspel i prosessen.

Eina/Oslo, 8. oktober 2020

Miljøfaglig Utredning AS

Bjørn Harald Larsen

Helge Fjeldstad

INNHOLD

1	INNLEIING	6
2	METODE	7
2.1	REGISTRERING OG DATAINNSAMLING	7
2.2	OPPBYGGING AV PLANANE	7
2.3	OM BEVARINGSMÅL.....	7
3	HØYDALEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE	9
3.1	FORVALTNINGSSTATUS	9
3.2	OVERORDNA LANDSKAPSSKILDRING	10
3.3	AREALBRUK OG AREALBRUKSHISTORIKK	11
3.4	BEVARINGSMÅL FOR KULTURLANDSKAPET I HØYDALEN	13
3.5	SKILDRING AV TILTAK.....	15
4	SKJØTSELSPLAN FOR SØRE HØYDALEN.....	16
4.1	NiN-KARTLEGGING	16
4.2	NATURTYPELOKALITETAR OG NATURVERDIAR	17
4.3	BEVARINGSMÅL.....	19
4.4	SKILDRING AV TILTAK.....	21
5	SKJØTSELSPLAN FOR NØRDRE HØYDALEN	22
5.1	NiN-KARTLEGGING	22
5.2	NATURTYPELOKALITETAR OG NATURVERDIAR	24
5.3	BEVARINGSMÅL.....	26
5.4	SKILDRING AV TILTAK.....	27
6	KJELDER	28
6.1	SKRIFTLEGE KJELDER	28
6.2	MUNNLEGE KJELDER	28
7	VEDLEGG - LOKALITETSSKILDRINGAR	29

1 INNLEIING

Heilskaplege kulturlandskap som vert skjøtta på tradisjonelt vis er i tilbakegong i Noreg. Alle dei semi-naturlege naturtypane er registrert på raudlista for naturtypar som truga. Det er opphør av bruk som fører til attgroing som er rekna for å vere det største trugsmålet for slike naturtypar (Hovstad mfl. 2018a). Dei semi-naturlege naturtypane er heim for mange truga og nær truga karplantar, sopp og insekt. Spesielt blomerike enger har eit høgt artsmangfald, men også dei boreale heilane er viktige for både insekt og sopp (Hovstad mfl. 2018b).

Bygningsmassen er ein viktig del av kulturlandskapet i seterområda våre. I Høydalen vart lagt spesielt vekt på å registrere og dokumentere alle gamle seterbygninga i prosjektet. Desse vart fotografert frå alle vinklar, og bileta fylgjer skjøtselsplanen som eit vedlegg.

Ein skjøtselsplan har som føremål å oppretthalde kvalitetane i kulturlandskapet og restaurere areal som har fått ein redusert kvalitet. Det er berre gjennom skånsam bruk av kulturlandskapet at ein kan ta vare på dei semi-naturlege naturtypane og artsmangfaldet som førekjem der for framtidia.

Denne skjøtselsplanen er delt inn i tre delar, ein for Høydalen LVO på eit overordna nivå og ein for kvar av de to setergrendene i dalen; Søre Høydalen og Nørdre Høydalen.

Namnebruken i rapporten baserer seg på Statens Kartverk sine karttenester på nett.



Figur 1. Det var stort engasjement og godt frammøte under starten av planarbeidet med synfaring i Høydalen 8.8.2018. Her er dei frammøtte samla ovanfor Høydalssæter på morgonen, der eigaren Knut Øyjordet fortel om staden. Foto: Bjørn Harald Larsen.

2 METODE

2.1 Registrering og datainnsamling

Det vart arrangert oppstartsmøte kombinert med synfaring i Høydalen 8.8.2018 av nasjonalparkforvaltaren for Breheimen. Under synfaringa kom det fram opplysningar om brukshistorie, setring, bygningshistorikk, skogplanting og mykje anna. Dette vart notert fortløpende både av nasjonalparkforvaltar og innleidd konsulent. Nasjonalparkforvaltar summerte dette opp i referatet frå synfaringa av 9.8.2018.

Kulturlandskapsområda i Søre og Nørdre Høydalen vart undersøkt 8.8., 14.8. og 3.9.2018. Den siste feltdagen hadde fokus på beitemarksopp. Alle kulturmarksnatertypar vart kartlagt etter NiN-metoden (NiN versjon 2.1) ved hjelp av NiN-app (ein applikasjon produsert av Miljødirektoratet). I tillegg vart artsmangfaldet knytt til kulturlandskapsområder registrert, med vekt på raudlisteartar og regionalt uvanlege artar.

Raudlistekategoriar:

RE – Regionalt utrydda (Regionally Extinct)
CR – Kritisk truga (Critically Endangered)
EN – Sterkt truga (Endangered)
VU – Sårbar (Vulnerable)
NT – Nær truga (Near Threatened)
DD – Datamangel (Data Deficient)

I september 2020 vart det utført ei ny synfaring i Høydalen saman med setereigarar, fjellstyre og SNO. Under synfaringa var det einigkeit om nokre mindre endringar i planen som er innarbeidd i dette utkastet.

Alle bygningar i Høydalen vart dokumentert med bilete frå 8 vinklar (gavlvegg, hjørne gavlvegg/sidevegg, sidevegg osv. rundt heile bygninga). Desse bileta følgjer med rapporten som vedlegg.

2.2 Oppbygging av planane

Planen startar med ein kortfatta gjennomgang av forvalningsstatus for landskapsvernombordet. Deretter følgjer ein overordna landskapsskildring, før dagens arealbruk og brukshistoria til området vert gjennomgått. På slutten av den generelle delen kjem bevaringsmål og forslag til overordna tiltak for heile Høydalen.

Skjøtselsplanane for dei heilsaklege kulturlandskapsområdane (Søre og Nørdre Høydalen) er bygd opp på denne måten:

1. Resultat frå NiN-kartlegginga.
2. Naturtypelokalitetar og naturkvalitetar
3. Bevaringsmål og skjøtselstiltak
4. Skildring av skjøtselstiltak

2.3 Om bevaringsmål

DN-Handbok 17-2008 (Direktoratet for naturforvaltning 2008) inneholder ein definisjon av omgrepene bevaringsmål:

"Bevaringsmål definerer den tilstanden en ønsker en naturkvalitet i verneområdet skal ha. Bevaringsmål skal være målbare. Det vil si at de skal presiseres gjennom mål for areal, nødvendige strukturer/prosesser og/eller førekommster av bestemte arter osv."

Handboka er fokusert på naturkvalitetane i verneområda, men tek også for seg dei kulturtilknytta, biologiske kvalitetane som ofte inngår i verneformåla til landskapsvernombra. Dette kan vere ulike typar av kulturmark, beiter, styvingstre mv. Rettleiarene gir mindre hjelpe for å lage bevaringsmål til fysiske konstruksjonar som bygningar, gjerder, vatningsanlegg, bruar ol. Slike anlegg og konstruksjonar er vanlegvis omtalt som viktige vernekvalitetar i formålet for vern av landskapsvernombra.

Forklaring til tabellane nytta i skjøtselsplanane:

Tilstandsvariablane gjev ein oppdeling av vernekvalitetane som det er ønskjeleg å utvikle bevaringsmål for. Ei slik deling er naudsynt fordi ulike typar av kvalitetar krev ulike skildringar av mål, oppfølging m.m. Tilstandsvariablane er gruppert med grunnlag i NiN-tilstandsvariablar.

Bevaringsmåla uttrykker kva slags utvikling ein ønskjer for området, anten dette gjeld vern, fjerning eller vidareutvikling. Desse er forsøkt kvantifisert for å sikre at både status og eventuell ønskja/uønskja endring er målbar.

Metode viser til korleis status og eventuell utvikling kan og bør målast/registrerast.

Tilstandsklasse er ein tredelt oppdeling av tilstand som etter registrering gjer det mogleg å seie om vernekvaliteten er oppretthaldt eller har utvikla seg negativt eller positivt. Der vernekvaliteten har vist ein negativ utvikling over tid og enda i ein lågare tilstandsklasse enn ved vernetidspunktet, kan det vere aktuelt å gå inn med tiltak.

Aktuelle tiltak er forslag til tiltak som kan snu eller stanse ei uheldig utvikling.



Figur 2. Alle bygningar i Høydalen vart dokumentert med bilete frå 8 vinklar rundt heile bygninga. Her hjørne sidevegg/gavlevegg på løe nedanfor Høydalsæter. Foto: Bjørn Harald Larsen.

3 HØYDALEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE

3.1 Forvaltningsstatus

Høydalen landskapsvernområde (LVO) vart etablert i 2009 og er ein del av Breheimen nasjonalpark som og vart etablert same år. Området er 29,2 km² stort. I følgje verneforskrifa er føremålet med vernet i Høydalen LVO å:

- «ta vare på verdifullt setermiljø, vegetasjon og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.
- ta vare på biologisk mangfold som pregar landskapet.
- ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer.
- ta vare på vakker og særprega vassdragsnatur.

Ålmenta skal ha høve til natur- og landskapsoppleveling gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med litra grad av teknisk tilrettelegging.»


Ein forvaltningsplan for heile Breheimen nasjonalpark, inklusive Høydalen LVO, vart skiven i 2017. Den legg nokre føringar og presiseringar for kva aktivitet som skal vere tillate i Høydalen, utover det som kjem fram i verneforskrifta. Forvaltningsmyndigheita (Nasjonalparkstyret) kan gje løyve til å sette i verk tiltak for å ta vare på verdiane i verneområdet, til dømes rydding av beite og utbetring/skilting av ferdsselsvegar og stiar. Det gjeld også tiltaka i skjøtselsplanen.



Figur 3. Høydalen er mellom anna verna for å ta vare på eit verdifullt setermiljø og vakker og særprega vassdragsnatur. Brustugusætre i Nørdré Høydalen med utløpet av Høya i Høydalsvatnet i bakgrunnen. Foto: Bjørn Harald Larsen.


3.2 Overordna landskapsskildring

Høydalen LVO ligg i Lom kommune i Oppland, på søraustsida av Breheimen nasjonalpark. Høydalen er ein av dei øvste sidedalane til Bøverdalens, og dei to setergrendane Søre og Nørdré Høydalen ligg i høgdelaget 900-950 moh. Setrene ligg i nordboreal vegetasjonssone med fjellbjørkeskog som litt høgare opp går over i fjellhei (lågalpin vegetasjonssone). Breheimen ligg i overgangen mellom klart oseanisk vegetasjonsseksjon og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon, noko som gir tydelege vestlege trekk i vegetasjonstypene.




Figur 4. Oversiktskart over Høydalen landskapsvernområde, omgitt av Breheimen nasjonalpark i nord og Høyrokampen naturreservat i sør. Kjelde: Naturbase (Miljødirektoratet 2018).

Høydalsvatnet ligg sentralt i Høydalen landskapsvernområde, og setrene er plassert i den klimatisk gunstige lia på nordsida av vatnet. Høydalen er ein klassisk U-dal, forma av isbrear under siste istid. Den har bratte lisider som skrånar noko ut mot dalbotnen og vatnet. Store rasmarker pregar dei indre delane av dalen. I Nørdré Høydalen og innanfor er små moreneryggjar tydelege i landskapet.



Figur 5. Berggrunnskart for Høydalen LVO og områda rundt. Lys rosa = diorittisk til granittisk gneis, lys grøn = fyllitt, grøn = glimmerskifer. Kjelde: www.ngu.no.

Berggrunnen i området er svært variert og består av kalkrike skiferar og grønstein (Aa & Sønstegaard 2006). Områda vest for Nørdre Høydalen, samt noko av areala lengst ned mot Høydalsvatnet innanfor setergrenda, har diorittisk til granittisk gneis, som gir opphav til mindre rik vegetasjon. Men dei øvre delane av Nørdre Høydalen og hele dalsida vidare austover til Vassenden (inkludert Søre Høydalen) har fyllitt og glimmerskifer frå Fortun-Vangdekket. Dette er lettlauslege skiferar som gir muligheter for eit rikt planteliv. Lausmassekartet viser at heile dalsida langs nordsida av Høydalsvatnet har tynt morenelag, og bart fjell og skredmateriale i dei brattaste områda – slik som under Blåhøe og ovanfor Søre Høydalen. I vestenda av Høydalsvatnet ligg ein 6-7 m høg rygg, mest sannsynleg ei endemorene, og truleg har det kome ein breamt hit ned frå ei stor Jotunheimen-bre (Aa & Sønstegaard 2006).



Figur 6. Lausmassane i Høydalen er dominert av morenemassar frå isbreane som forma dalen. Det er grunn morene (lys grøn) heile vegen frå Vassenden til Nørdre Høydalen, medan det er større areal med bart fjell og skredmateriale (grårosa) kring Søre Høydalen. Kartet er henta frå www.ngu.no.

3.3 Arealbruk og arealbruks historikk

Høydalen utgjer den heilt vestre delen av det nasjonalt verdifulle kulturlandskapet i Bøverdalens (Larsen 2007). Bygningsmiljøet på setrane er godt bevart, med bygningar i hovudsak frå 1800- og 1900-talet (Storøy 2008). Bygningar er i liten grad modernisert og bygd ut i strid med den lokale byggeskikken. Det er heller ikkje bygd mange nye bygningar på setrane. Karakteristisk for Høydalen er dei relativt mange steinhusa, noko som kan ha med enten nærleik til Vestlandet eller vanskeleg tilgjenge til tømmer (Christensen 1971). Søre og Nørdre Høydalen er ikkje vurdert som kulturmiljø i det nasjonalt viktige kulturlandskapet i Bøverdalens (Storøy 2008).

Høydalsvatnet var tidlegare transportåre for folk og buskap inn frå Vassenden til Nørdre Høydalen (Christensen 1971). Ei vinter og tidleg vårrute gjekk Sognefjellsvegen frå Herva midt oppe på Sognefjellet om Høydalen (Storøy 2008). Det er registrert tre dyregravar i samband med fangst av villrein i Høydalen (Storøy 2008). Fisking har hatt lite å seie i Høydalen historisk sett, då Høydalsvatnet var fisketomt fram til utsetjingar kring 1920 (Christensen 1971).

Seterdrift i Høydalen kan sporast minst tilbake til 1700-talet, og kring 1800 var det gardane Andvord og Kvandalsvoll som stod for setringa i dalen (Christensen 1971). I løpet av 1800-talet vart tal setrar i dalen fordobla. På byrjinga av 1900-talet var seterdrifta på sitt maksimum, med til saman 10 setrar i dalen. På denne tida var truleg mykje av den sørvende dalsida langs Høydalsvatnet fri for bjørkeskog. Seterdrifta kravde også store mengder brensel, noko som også tærte på bjørkeskogen. Seterslåtten har historisk sett hatt lite å seie i Høydalen (Christensen 1971), men kring første verdskrig vart det vanleg å dyrke seterkveene og førproduksjon vart viktigare. Vassveiter var viktig for vatning av kveene i dette nedbørsfattige området, og desse kan framleis sjåast i terrenget på nokre kve (m.a. på Nyhussætre).

I dag er det ikkje aktiv setring i Høydalen, men det sleppast storfe og sau på utmarksbeite her – totalt ca. 100 sauer og 60 kyr. Berre nokre få kve i Nørdre Høydalen vert framleis slått. Det vert tatt noko bjørk til ved, men dalsidene veks no att med tett bjørkeskog. Nedanfor er dei enkelte setrane i Høydalen kort omtala (frå vest til aust i dalen).



Figur 7. Det går no ca. 60 kyr på utmarksbeite i Høydalen. Setring med ku vart avslutta på 1990-talet, medan setring med geit haldt fram til 2013 på Nyhussætre. Foto: Bjørn Harald Larsen.

Nørdre Høydalen:

Brustugusætre (Bjørnar Brustugun): Setra med ku til 1965, eventuelt geit litt etter det. Graset slått og køyrt heim (gjødsela eng).

Nyhussætre (Ingvild Nyhus): Setra til 2013 med geit, ku til på 1990-talet. Kvea slått fram til ca. 1990. Fjøs reve i 2014, og det er behov for nytt fjøs dersom det vert aktuelt med geit att. Vassveiter brukt fram til 1990-talet.

Åkerjordsætre/Åkerjordet (Magne Røhr): Kjøpt i 1893. Setring fram til 1950-talet, drive vidare med ljåslått til 1960-talet, tohjuls slåmaskin etter det (fram til i dag). Gjødsla eng. Fjøs står framleis, men ikkje i bruk. Slår også litt nedanfor turisthytta.

Høydalssæter (Knut Øyjordet mfl.): Siste år med setring i 1946.

Nørjordet (Helge Torkveen): Kjøpt på 1940-talet. Slått med ljå på steinlende og inntil gjerdet. Slutta med dyr i 2009. Gjødsla med kunstgjødsel fram til då. No sein slått (blautt, grøfta).

Torkvesætre (Ruth Edel Kvanndalsvold Kvålshagen og Terje Marstein): Dyrka i 1982 (nedanfor vegen). Pløgd for ca. 30 år sidan. Slått og beiting med sau og ku. Kulturbete på 10 daa utvist som skal gjerdast inn, tynnast og beitast med storfe.

Søre Høydalen:

Runningsætre (Ingvild Nyhus): Kyr til rundt 1970. Gjødsla med kunstgjødsel.

Kvanndalsvollsætre (Ruth Edel Kvanndalsvold Kvålshagen og Terje Marstein): Slutt med setring på 1950-talet. Slått nokre år etter det (fram til 1960-talet). Etter det for det meste beita (kalvar og i sauesankinga). Tidlegare gjødsla.

Andre særmerka områder:

Kaffeoddan: Fristad for budeiene i dalen, rastepllass under flytting av buskap.

Kornsteinen: Her vart korn mellomlagra under frakt mellom Sogn og Austlandet.

3.4 Bevaringsmål for kulturlandskapet i Høydalen

For å oppretthalde naturverdiane knytt til seterlandskapet i Høydalen er det viktigaste å auke talet på beitedyr som går i dalen. Dalsidene gror att med bjørkeskog, einer og vierkratt, og hardare beitepress er det einaste som kan motverke dette over tid.

Frå eit landskapssynspunkt er det vesentleg å halde nokre areal opne, både for å oppretthalde inntrykket av Høydalen som ein seterdal og for å bevare naturmangfold knytt til open beitemark. Av den grunn vert det føreslege å halde areala mellom Høydalsvegen og Høydalsvatnet opne til halvopne. Ryddinga bør gjerast strekning for strekning, og for å unngå tett oppslag av tennung må tiltaket fylgjast opp med auka tal dyr og styring av beite mot tiltaksområda.

Med tanke på å bevare heilsakplege bygningsmiljø på setrane er det viktig at restaurering av eldre bygningar skjer i samsvar med lokal/tradisjonell byggeskikk og gjerne i samråd med bygningsantikvarisk myndighet. Det er også eit mål å halde gamle ferdelsvegar gjennom Høydalen opne. Det gamle seterråket gjennom dalen vert føreslege kartlagt, rydda og merka.

Tabell 1. Generelle bevaringsmål og tiltak for det heilskaplege kulturlandskapet i Høydalen landskapsvernområde.

Tilstandsvariablar	Bevaringsmål	Overvakingsmetode	Tilstandsklasse	Aktuelle tiltak
Areal/arealbruk				
Opne areal	Halde areala mellom Høydalsvegen og Høydalsvatnet opne eller halvopne/oversiktlege.	Fjernanalyse ved bruk av flybilete med god opplysning kvart 5. år. Tilstandssjekk i felt kvart 10. år.	<u>God:</u> Areala er opne/halvopne og berre med spreidde tre over ein høgde på 2 meter. <u>Middels:</u> Areala er halvopne og berre med spreidde tre over ein høgde på 4 meter. <u>Dårleg:</u> Areala er halvopne og berre med spreidde tre over ein høgde på 6 meter.	Rydding av tre i sonar etter prioritering (sjå nedanfor). Ryddinga startar i setergrendene. Ansvar: Nasjonalparkforvaltar Utførande: SNO
Framandartsinnslag				
Framande artar	Framande artar i dei 3 høgaste risikokategoriene (SE, Hi og PH) skal ikkje finnast i verneområdet.	Strukturert synfaring kvart 5. år. Sjekk omkring seterhus mv. om innplanta artar spreier seg.	<u>God:</u> Framande artar i dei 3 høgaste risikokategoriene finnast ikkje i verneområdet. <u>Middels:</u> Framande artar i dei 3 høgaste risikokategoriene finnast, men representerer ikkje eit trugsmål mot lokalt naturmangfald. <u>Dårleg:</u> Framande artar i dei 3 høgaste risikokategoriene finnast og representerer eit trugsmål mot lokalt naturmangfald.	Fjerning av eventuelle framande artar i dei 3 høgaste risikokategoriene etter anbefalte metodar. Ansvar: Nasjonalparkforvaltar Utførande: SNO
Kulturminne				
Gamle seterbygningar	Restaurering av gamle tømmerbygningar (eldre enn 1900) skjer i tråd med tradisjonell byggeskikk.	Kontroll av at alle restaureringsobjekter i tråd med vilkåra. Utførast kvart år.	<u>God:</u> Gamle bygningar er restaurert etter lokal byggeskikk. <u>Middels:</u> De fleste gamle bygningar i dalen er restaurert etter lokal byggeskikk. <u>Dårleg:</u> Restaurering av bygningar skjer ikkje i tråd med lokal byggeskikk.	Kurs for/informasjon til tømrarar/setereigarar som utfører restaurering. Ansvar: Nasjonalparkforvaltar. Utførande: SNO
Gamle ferdsselsvegar	Gamle seterveger og råk skal haldast opne og framkomelege.	Synfaring kvart 5. år med kontroll av planlagde og utførte tiltak.	<u>God:</u> Gamle ferdsselsvegar og råk er merka, opne og framkomelege. <u>Middels:</u> Gamle ferdsselsvegar og råk er framkomelege. <u>Dårleg:</u> Gamle ferdsselsvegar og råk er ikkje framkomelege.	Kartlegging/registrering av gamle ferdsselsvegar og råk. Rydding og merking av registrerte vollar/råk. Ansvar: Nasjonalparkforvaltar. Utførande: SNO i samarbeid med setereigarane.

3.5 Skildring av tiltak

Rydding mellom Høydalsvegen og Høydalsvatnet: Dette er eit langsiktig mål, og ryddinga blir tilrådt gjort gradvis og i slik prioritert rekkefølgje:

1. Rydding/tynning frå 0,5 km aust for Søre Høydalen til 0,5 km vest for Søre Høydalen.
2. Tynning frå 100 m aust for Nørdre Høydalen til Høydalssæter.
3. Rydding/tynning frå Høydalssæter til Åkerjordsætre.
4. Tynning av attståande strekning mellom Søre Høydalen og Nørdre Høydalen.
5. Tynning frå Vassenden til 0,5 km aust for Søre Høydalen.

Større bjørketre (stammediameter over 10-15 cm i brysthøgde) settast att.



Figur 8. Som eit langsiktig mål vert det føreslått å rydde/tynne i bjørkeskogen heile vegen mellom Høydalsvegen og Nørdre Høydalen, slik at det her vert eit ope til halvope preg i denne sona. Biletet viser den store fyllittblokka ovanfor Høydalssæter, og attgroingsskog med fjellbjørk nedanfor vegen. Foto: Bjørn Harald Larsen.

Registrering av gamle ferdselsvegar og råk: Det vert føreslege å registrere gamle ferdselsveger/se-terveger både internt i dalen, mellom Bøverdalen og Høydalen, og mellom Høydalen og Fortunsdalen/Nørstedalen. Registrering kan f.eks. utførast av lokalt historielag el. Rydding av registrerte ferdselsvegar kan enten gjerast av SNO eller setereigarane (ev. i samarbeid).

4 SKJØTSELSPLAN FOR SØRE HØYDALEN


4.1 NiN-kartlegging

Kartlegginga etter NiN-systemet viste at det er relativt store areal med svakt kalkrike tørrenger i den bratte lia nord for Høydalsvegen, med klart hevdpreg (T32-C-16) i nedre del og med mindre hevdpreg lenger opp i lia (T32-C-15), i tillegg til noko svakt kalkrik eng med klart hevdpreg (T32-C-20). I nedre, austre del også kalkrik semi-naturleg myr (V9-C-3), langs eit bekkesig. Dei semi-naturlege engene går gradvis over i svakt kalkrik boreal lynghei (T31-C-8) i øvre delar, dels også som mindre flekkar lenger ned i lia, der det også er eit lite areal med kjeldepåverka kalkrik boreal hei (T31-C-14).

Nedanfor vegen er det for det meste gjødsla beiteenger, som i NiN-systemet blir karakterisert som sterkt endra fastmark (T45 – varig oppdyrka eng), pga. at gjødslinga har endra samansettinga av arter i vesentleg grad. Den austre delen av vollen på Runningsætre og den vestre delen av vollen på Kvandalsvollsætre er mindre gjødselpåverka, og her er det svakt kalkrik eng med klart hevdpreg og svakt preg av gjødsling (T32-C-20).




Figur 9. I øvre del av lia ovanfor Søre Høydalen er det svakt kalkrik tørreng med mindre hevdpreg, der det byrjar kome inn meir lyngvekstar enn i arealet med klart hevdpreg lenger nede. I tillegg står det att ein del tyrihjelm som ikkje vert beita.
Foto: Bjørn Harald Larsen.



Figur 10. NiN-kart for Søre Høydalen. NA_T32-C-20 består av tre naturtypar i mosaikk: 1) T32-C-16 svakt kalkrik tørreng med klart hevdpreg (5 delar), 2) T32-C-20 svakt kalkrik eng med klart hevdpreg (3 delar) og 3) T32-C-5 svakt kalkrik eng med mindre hevdpreg (2 delar). NA_T31-C-8 består av to naturtypar i mosaikk: 1) T31-C-8 svakt kalkrik boreal lynghei (9 delar) og 2) T31-C-14 kalkrik kildepåvirket boreal frisk hei (1 del).

4.2 Naturtypelokalitetar og naturverdiar

Kulturlandskapet i Søre Høydalen vart undersøkt av Gaarder mfl. (2005) i samband med utgreiing for vern av Breheimen. Det vart då registrert ei naturbeitemark med verdi B (viktig) i lia ovanfor vegen (sjå figur 9). Lokaliteten har, som dei to andre kulturlandskapslokalitetane i Høydalen, vorte forskuva ca. 200 m mot nordvest, og avgrensinga i Naturbase er difor feilaktig.



Figur 11. Avgrensinga av naturbeitemarklokaliteten Søre Høydalen (verdi B – viktig) i Naturbase. Avgrensinga har vorte forskuva ca. 200 m mot nordvest og er difor feilaktig. Kartutsnitt frå Naturbase (Miljødirektoratet 2019).

Lenger aust er det også registrert ei naturbeitemark med verdi svært viktig (A) i Naturbase (sjå også Gaarder mfl. 2005). Denne vart berre synfart frå avstand i 2018 og vurdert som betydeleg attgrodde, og også flyfoto viser at attgroinga her har kome langt. Den er skild frå beitemarka i Søre Høydalen med bjørkeskog.

Under kartlegginga i 2018 vart det registrert to viktige kulturlandskapslokaliteter i setergrenda: 1) Naturbeitemark med veksling mellom svakt kalkrik tørreng og vanleg eng med klart til mindre hevdpreg i lia ovanfor Høydalsvegen, samt noko beita rikmyr. Lokaliteten har no fått ein meir nøyaktig avgrensing. Den vurderast framleis å ha verdi viktig ut frå førekomstar av m.a. marinøkkel, bakkesøte (NT), bittersøte, snøsøte, lillabrun raudspore (NT) og spissvokssopp. 2) Naturbeitemark på den austre delen av vollen på Kvanndalsvollsætre med noko gjødselpåverka svakt kalkrik eng, m.a. med funn av rombesporet raudspore (VU) og fagerraudspore/*Entoloma kervernii* (slått saman til ein art nyleg).



Figur 12. Naturtypelokalitetar kartlagt i Søre Høydalen i 2018.

4.3 Bevaringsmål

Det er nyttå NiN-omgrep både for å setje bevaringsmål og for å måle tilstand. Desse er forklart i tabellteksten.


Tabell 2. Bevaringsmål og tiltak i Søre Høydalen, Høydalen landskapsvernområde. NiN-omgrep: HI = hevdintensitet, HI-b = svært ekstensivt hevdpreg, HI-c = typisk ekstensivt hevdpreg, HI-d = nokså ekstensivt hevdpreg. Risikokategoriar i framandartslista for 2018 (Artsdatabanken 2018): SE = svært høy risiko, HI = høy risiko, PH = potensiell høy risiko.

Tilstandsvariablar	Bevaringsmål	Overvakingsmetode	Tilstandsklasse	Aktuelle tiltak
Areal/arealbruk				
Semi-naturleg eng med god hevd (hevdintensitet HI b-d) (tilsvarande arealet med T32-C-20 og 21 i figur 10)	Arealet av semi-naturleg eng med HI b-d på Søre Høydalen skal oppretthaldast og helst aukest ut over referanse-tilstanden i 2018.	Fjernanalyse ved bruk av flybilete med god opplösungskvart 5. år, kombinert med oppgåver over tal dyr og dyre slag som sleppast i området. Tilstandssjekk i felt kvart 10. år.	<u>God:</u> Arealet av semi-naturleg eng med HI b-d har auka samanlikna med referansetilstanden. <u>Middels:</u> Arealet av kulturmarkseng med HI b-d er stabilt eller har vorte redusert med inntil 10 % samanlikna med referansetilstanden. <u>Dårleg:</u> Arealet av kulturmarkseng med HI b-d er redusert pga. lågt tal dyr/manglande beiting med meir enn 10 % samanlikna med referansetilstanden.	Inngjerding og meir intensivt beite av arealet nord for Høydalsvegen (vår- og høstbeite med sau). Stimulere til beite av det viktige arealet i vest nedanfor Høydalsvegen. Stimulere til å auke tal beitedyr, og særleg storfe, i Høydalen gjennom tilskotsordningar. Manuell rydding av einer i lia ovanfor Høydalsvegen. Ansvar: Nasjonalparkforvaltar i samarbeid med setereigarar Utførande: SNO i samarbeid med setereigarar
Diagnostiske artar				
Kravfulle artar i kulturlandskap Bakkesøte (NT) Bittersøte Snøsøte Marinøkkel	Området skal ha førekjemstar av marinøkkel, bittersøte, snøsøte og bakkesøte.	Punktregistrering med teljing av fertile individ av marinøkkel i beitemarka ovanfor Høydalsvegen kvart 5. år. Mengdeoppgjeving av bakkesøte, bittersøte og snøsøte i same område.	<u>God:</u> Alle dei 4 artane førekjem i beitemarka ovanfor Høydalsvegen. <u>Middels:</u> I alt 3 av dei 4 artane førekjem i beitemarka ovanfor Høydalsvegen. <u>Dårleg:</u> Berre 1-2 av dei 4 artane førekjem i beitemarka ovanfor Høydalsvegen.	Stimulere til å auke tal beitedyr, og særleg storfe, i Høydalen gjennom tilskotsordningar. Manuell rydding av einer i lia ovanfor Høydalsvegen. Ansvar: Nasjonalparkforvaltar i samarbeid med setereigarar Utførande: SNO i samarbeid med setereigarar
Problemartar				
Einer Vier Bjørk	Einer, vier og bjørk skal reduserast med 50 % i dei to naturbeitemark-lokalitetane i Søre Høydalen samanlikna med referansetilstanden i 2018.	Fjernanalyse ved bruk av flybilete med god opplösungskvart 5. år. Tilstandssjekk i felt kvart 10. år.	<u>God:</u> Førekjemstar av einer, vier og bjørk er redusert med 50 % samanlikna med 2018. <u>Middels:</u> Førekjemstar av einer, vier og bjørk liggjar på same nivå som i 2018, eller det er auke/reduksjon på inntil 10 %.	Manuell rydding av einer, vier og bjørk i dei to naturbeitemarklokalitetane i Søre Høydalen. Ansvar: Nasjonalparkforvaltar i samarbeid med setereigarar Utførande: SNO i samarbeid med setereigarar

Tilstandsvariabler	Bevaringsmål	Overvakingsmetode	Tilstandsklasse	Aktuelle tiltak
			Dårleg: Førekomstar av einer, vier og bjørk har auka med meir enn 10% samanlikna med referansetilstanden.	

4.4 Skildring av tiltak

Rydding av einer, vier og bjørk: Rydding av mindre einer/einerkratt ute på opne flater prioriterast i første omgang. Dernest ryddast større einerkratt gradvis frå kantane og utover (sjå eksempel nedanfor). Vier er mest et problem i nedre del og austre del av beitemarka ovanfor Høydalsvegen. Desse vierkratta bør tynnast. Bjørk står spreidd både på lokaliteten ovanfor og nedanfor Høydalsvegen, og all bjørk bør ryddast.



Figur 13. Eksempel på utveljing av mindre einerkratt for rydding i første fase (1) av einerrydding i beitemarka ovanfor Høydalsvegen i Søre Høydalen. I neste fase (2) tas større einerkratt som står sentralt i opne område og einer i kantane.

5 SKJØTSELSPLAN FOR NØRDRE HØYDALEN

5.1 NiN-kartlegging

I Nørdre Høydalen var det nesten utelukkande gjødsla eng og gjødsla beitemark innanfor seterkvea. Desse vart karakterisert som dyrka varig eng (T45) etter NiN-systemet. Dei einaste unntaka i så måte var eit mindre areal nedanfor seterhusa på Nyhussætre, der det var svakt kalkrik tørreng med klart hevdpreg eller svakt preg av gjødsling (T32-C-16) i en sørvendt bakke, samt dei øvre delane av vollen på Nørjordet – som vert kartlagd som eng-liknande oppdyrka mark (T41). Alle seterkveene med unntak av på Nyhussætre var i brakkleggingsfase eller tidleg gjenvekstsuksesjonsfase med dominans av gras og attgroingsartar som mellomanna firkantperikum, tyrihjelm og mjødurt. På nokre kve var det også oppslag av bjørk og vier samt noko einer. På Nyhussætre var det intakt semi-naturleg mark.



Figur 14. For det meste er det oppdyrka varig eng på kveene i Nørdre Høydalen, med unntak av i bakkane nedanfor Nyhussætre som sjåast midt i biletet. Foto: Bjørn Harald Larsen.


Utmarksareala har for svak hevd til å stogge attgroinga med bjørk, vier og i mindre grad også einer. For det meste er dei gamle beitemarkane ovanfor Høydalsvegen så fuktige at vier er eit større problem enn einer med omsyn til attgroing, dels er det snakk om gamle slåtte- og beitemyrer som er i ferd med å gro att. Kalkrik fukteng med mindre hevdpreg (T32-C-9) er dominerande grunntype i denne lia, med svakt kalkrik eng med mindre hevdpreg (T32-C-5) og svakt kalkrik tørreng med

mindre hevdpreg (T32-C-15) på smale/mindre areal med tørrare mark. I øvre del av lia går det over i kalkrik semi-naturleg myr (C-3), som truleg også kan tolkast som naturleg myr – og då temmeleg til ekstremt kalkrike myrflater (V1-C-4). Helst øvst er det gradvis overgang til svakt kalkrik boreal lynghei (T31-C-8), medan det mellom fuktenger og semi-naturleg myr lenger ned er kalkrik kjeldepåverka boreal frisk hei (T31-C-14).



Figur 15. Kalkrik kjeldepåverka boreal hei (T31-C-13) i mosaikk med kalkrik fukteng med mindre hevdpreg (T32-C-9) ovanfor den nye parkeringsplassen i Nørdre Høydalen. I øvre del av den beitepåverka lia har det nyleg gått eit lite jordras. Foto: Bjørn Harald Larsen.


Ovanfor Nyhussætre er det eit mindre areal med svakt kalkrik tørreng med klart hevdpreg (T32-C-16) på en bakkeknaus.




Figur 16. NiN-kart for Nørdre Høydalen. NA_V1-C-4 består av tre naturtypar i mosaikk: 1) V1-C-4 temmeleg og sterkt kalkrik myrflate (5 delar), T31-C-14 kalkrik kildepåverka boreal frisk hei (3 delar) og T31-C-8 svakt kalkrik boreal lynchhei (2 delar). NA_T32-C-5 består av tre naturtypar: T32-C-5 svakt kalkrik eng med mindre hevdpreg (6 delar), T32-C-20 svakt kalkrik eng med klart hevdpreg (2 delar) og T32-C-9 kalkrik fukteng med mindre hevdpreg (2 delar). NA_T32-C-16 består av to naturtypar i mosaikk: T32-C-16 svakt kalkrik tørreng med klart hevdpreg (8 delar) og T32-C-5 svakt kalkrik eng med mindre hevdpreg (2 delar).

5.2 Naturtypelokalitetar og naturverdiar

I Nørdre Høydalen vart det registrert ei naturbeitemark med verdi viktig (B) i samband med verneplanen for Breheimen (Gaarder mfl. 2005). Som i Søre Høydalen har også denne lokaliteten vorte forskuva omlag 200 m mot nordvest, og avgrensinga i Naturbase er difor feilaktig.



Figur 17. Avgrensinga av lokaliteten Nordre Høydalen (naturbeitemark med verdi viktig) har vorte forskuva omlag 200 m mot nordvest i Naturbase. Kartutsnitt frå Naturbase (Miljødirektoratet 2019).



Figur 18. Naturtypelokalitetar kartlagt i Nørdr Høydalen i 2018.

Under kartlegginga i 2018 vart det registrert to viktige kulturlandskapslokalitetar i setergrenda: 1) Naturbeitemark med veksling mellom fukteng/rikmyr og svakt kalkrik eng med mindre hevdpreg i lia ovanfor vegen mellom Høydalssæter og Åkerjordsætre (tilsvarende lokaliteten Nordre Høydalen i Naturbase). Verdi viktig (B) oppretthaldast for lokaliteten, som har førekomstar av mellom anna

bakkesøte (NT), marinøkkel (i 2005 vart også fjellmarinøkkel funne her), brudespore, agnorstarr, hårstarr, flekkmure, gulmaure og gulsildre, 2) Naturbeitemark nedanfor seterhusa på Nyhussætre med svakt kalkrik tørreng av flekkmure-sauesvingel-type, bla. funn av bakkesøte (NT), lodnerublom, bakkestjerne, gulmaure mv. (beites av storfe). Heng saman med ei tilsvarende eng på ein liten knaus mellom Nyhussætre og Åkerjordsætre.

5.3 Bevaringsmål

Det er nyttar NiN-omgrep både for å setje bevaringsmål og for å måle tilstand. Desse er forklart i tabellteksten.

Tabell 3. Bevaringsmål og tiltak i Nørdre Høydalen, Høydalen landskapsvernområde. NiN-omgrep: HI = hevdintensitet, HI-b = svært ekstensivt hevdpreg, HI-c = typisk ekstensivt hevdpreg, HI-d = nokså ekstensivt hevdpreg.

Tilstandsvariablar	Bevaringsmål	Overvakingsmetode	Tilstandsklasse	Aktuelle tiltak
Areal/arealbruk				
Semi-naturleg eng med god hevd (hevdintensitet HI b-d) (tilsvarende arealet med T32-C-5 og 16 i figur 16)	Arealet av semi-naturleg eng med HI b-d i Nørdre Høydalen skal oppretthaldast og helst aukast ut over referansetilstanden i 2018.	Fjernanalyse ved bruk av flybilete med god opplysing kvart 5. år, kombinert med oppgåver over tal dyr og dyreslag som sleppast i området. Tilstandssjekk i felt kvart 10. år.	<u>God:</u> Arealet av semi-naturleg eng med HI b-d har auka samanlikna med referansetilstanden. <u>Middels:</u> Arealet av kulturmarkseng med HI b-d er stabilt eller har vorte redusert med inntil 10 % samanlikna med referansetilstanden. <u>Dårleg:</u> Arealet av kulturmarkseng med HI b-d er redusert pga. lågt tal dyr/mangler beiting med meir enn 10 % samanlikna med referansetilstanden.	Inngjerding og meir intensivt beite av den nedre delen av naturtypelokaliteten ovanfor vegen (omlag same areal som vist i figur 19). Stimulere til beite av det viktige arealet nedanfor Nyhussætre. Stimulere til å auke tal beitedyr, og særleg storfe, i Høydalen gjennom tilskotsordningar. Manuell rydding av bjørkeoppslag, vier og einer i lia mellom Åkerjordsætre og Høydalssæter. Ansvar: Nasjonalparkforvaltar i samarbeid med setereigarar. Utførande: SNO i samarbeid med setereigarar.
Diagnostiske artar				
Kravfulle artar i kulturlandskap Bakkesøte (NT) Brudespore Marinøkkel Fjellmarinøkkel	Området skal ha førekjemstar av marinøkkel, bittersøte, snøsøte og bakkesøte.	Punktregistrering med teljing av fertile individ av marinøklar i beitemarka ovanfor Høydalsvegen kvart 5. år. Mengdeoppgjeving av brudespore og bakkesøte (både her og ved Nyhussætre)	<u>God:</u> Alle dei 4 artane førekjem i beitemarka ovanfor Høydalsvegen samt bakkesøte ved Nyhussætre. <u>Middels:</u> I alt 3 av dei 4 artane førekjem i beitemarka ovanfor Høydalsvegen samt bakkesøte ved Nyhussætre. <u>Dårleg:</u> Berre til saman 1-2 av dei 4 artane førekjem i beitemarka ovanfor Høydalsvegen og ved Nyhussætre.	Stimulere til beite av det viktige arealet nedanfor Nyhussætre. Stimulere til å auke tal beitedyr, og særleg storfe, i Høydalen gjennom tilskotsordningar. Manuell rydding av bjørkeoppslag, vier og einer i lia mellom Åkerjordsætre og Høydalssæter.

Tilstandsvariabler	Bevaringsmål	Overvakingsmetode	Tilstandsklasse	Aktuelle tiltak
				Ansvar: Nasjonalparkforvaltar i samarbeid med setereigarar. Utførande: SNO i samarbeid med setereigarar.
Problemartar				
Einer Vier Bjørk	Einer, vier og bjørk skal reduserast med 50 % i naturbeitemarkkaliteten ovanfor vegen i Nørdre Høydalen sammenlikna med referansetilstanden i 2018.	Fjernanalyse ved bruk av flybilete med god oppløsing kvart 5. år. Tilstandssjekk i felt kvart 10. år.	<u>God:</u> Førekommstar av einer, vier og bjørk er redusert med 50 % sammenlikna med 2018. <u>Middels:</u> Førekommstar av einer, vier og bjørk ligg på same nivå som i 2018, eller det er auke/reduksjon på inn til 10 %. <u>Dårleg:</u> Førekommstar av einer, vier og bjørk har auka med meir enn 10% sammenlikna med referansetilstanden.	Manuell rydding av einer, vier og bjørk i naturbeitemarkkaliteten ovanfor vegen i Nørdre Høydalen. Ansvar: Nasjonalparkforvaltar i samarbeid med setereigarar. Utførande: SNO i samarbeid med setereigarar.

5.4 Skildring av tiltak

Rydding av bjørk, vier og einer i Nørdre Høydalen: Det er viktig at ryddinga vert gjort manuelt, då marka på lokaliteten er fuktig og lett vil få køyreskadar ved bruk av traktor el. Det aktuelle arealet for rydding er avmerkt i figur 19. Ryddinga anbefalast å starte i aust og gå vestover.



Figur 19. Aktuelt areal for rydding av bjørk, vier og einer i Nørdre Høydalen.

6 KJELDER

6.1 Skriftlege kjelder

Artsdatabanken 2018. Fremmedartslista 2018. Hentet 04.03.2019
fra <https://www.artsdatabanken.no/fremmedartslista2018>

Christensen, A. L. 1971. Etnologisk feltarbeid i Høydalen sommeren 1971. Institutt for folkeminnegranskning, Universitetet i Oslo. Rapport. 39 s.

Direktoratet for naturforvaltning. 2007. Kartlegging av naturtyper - verdisetting av biologisk mangfold. DN-håndbok 13, 2. utgave 2007 258 s. + vedlegg.

Gaarder, G., Grimstad, K.J., Holtan, D. & Larsen, B.H. 2005. Kartlegging av biologisk mangfold i utredningsområdet for vern i Breheimen, Oppland og Sogn og Fjordane fylker. Miljøfaglig Utredning Rapport 2005-13.

Henriksen, S., & Hilmo, O. 2015. Norsk rødliste for arter 2015. Artsdatabanken, Norge.

Hovstad, K. A., Johansen, L., Arnesen, G., Svalheim, E. & Velle, L. G. 2018a. Semi-naturlig eng, Semi-naturlig. Rødlista for Naturtyper 2018. Artsdatabanken. Hentet (3.12.18) fra: <https://artsdatabanken.no/RLN2018/72>

Hovstad, K. A., Johansen, L., Arnesen, G., Svalheim, E. & Velle, L. G. 2018b. Boreal hei, Semi-naturlig. Rødlista for Naturtyper 2018. Artsdatabanken. Hentet (3.12.18) fra: <https://artsdatabanken.no/RLN2018/71>

Larsen, B. H. 2007. Naturverdier i nasjonalt verdifulle kulturlandskap. Bøverdalens i Lom kommune, Oppland. Revidert rapport etter ny rødliste og ny avgrensning. Miljøfaglig Utredning rapport 2007-45: 1-42 + vedlegg.

Miljødirektoratet 2015. Veileder for kartlegging, verdisetting og forvaltning av naturtyper på land og i ferskvann, Utkast til faktaark 2015 - Kulturmark. Versjon 7. august 2015. 95 s.

Miljødirektoratet 2019. Naturbase dokumentasjon. Internett: <https://kart.naturbase.no/>

Storøy, A. 2008. Vern av Breheimen-Mørkridsdalen. Konsekvensutredning kulturminner og kulturmiljø. Utgave/dato: 1/2008-05-19.

Aa, A. R. & Sønstegaard, E. 2006. Geologi og kvartærgeologi i Breheimen (i Luster, Skjåk og Lom kommunar). Høgskulen i Sogn og Fjordane. Rapport nr. 1-06. 111 s.

6.2 Munnlege kjelder

Namn	Organisasjon/rolle
Bjørn Dalen	Nasjonalparkforvaltar
Magne Røhr	Setereigar

7 VEDLEGG - LOKALITETSSKILDRINGAR

På dei neste sidene følgjer faktaark for alle registrerte naturtypelokalitetar registrert i Høydalen landskapsvernområde i august/september 2018.

Lokalitetsnamn:	Søre Høydalen
Naturtype:	Naturbeitemark
Utforming:	Rik beitetørreng/rik beiteeng
Verdi:	Viktig – B
Undersøkt/kjelder:	Feltsjekk Bjørn Harald Larsen 14.8.2018

Skildring:

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeida av Bjørn Harald Larsen i Miljøfaglig Utredning 9.1.2019, basert på eigen synfaring av lokaliteten 14.8.2018. Kartlegginga vart gjort på oppdrag av Nasjonalparkforvaltaren i Breheimen i samband med utarbeiding av skjøtselsplan for Høydalen landskapsvernområde. Skildringa erstattar lokalitetsskildringa for Naturbaselokaliteten Søre Høydalen (BN00101545). Raudlistestatus er basert på Norsk raudliste for arter 2015 (Henriksen & Hilmo 2015).

Plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ovanfor Høydalsvegen i setergrenda Søre Høydalen. Her strekkjer naturbeitemarka seg høgt opp i lia, omgitt av boreal hei, fjellhei og fjellbjørkeskog. Berggrunnen i området består av mørk fyllitt og glimmerskifer i Fortun-Vangdekket. Det er grunt morenedekke og skredmateriale i denne bratte og sørvendte lia.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturbeitemark med veksling mellom rik beitetørreng og rik beiteeng. Det er også innslag av ei godt beita kjeldemyr og kjeldepåverka, kalkrik boreal hei i samband med myrsig og ein bekk i nedre del. Beitemarka er omgitt av rik boreal tørrhei. Etter NiN-systemet er det snakk om relativt store areal med svakt kalkrike tørrenger, med klart hevdpreg (T32-C-16) i nedre del og med mindre hevdpreg lenger opp i lia (T32-C-15), i tillegg til noko svakt kalkrik eng med klart hevdpreg (T32-C-20). I nedre, austre del også kalkrik semi-naturleg myr (V9-C-3), langs eit bekkesig. Dei semi-naturlege engene går gradvis over i svakt kalkrik boreal lynghei (T31-C-8) i øvre delar, dels også som mindre flekker lenger ned i lia, der det også er eit lite areal med kjeldepåverka kalkrik boreal hei (T31-C-14).

Artsmangfald: Tørrenger og noko friskare enger mellom einerkratt og vierkjerr med artar som m.a. bakkesøte (NT), bittersøte, snøsøte, marinøkkel, fjellrapp, hårvæve, aurikkelsvæve, blåklokke, gulaks, sandfiol, bergskrinneblom, setermjelt, fjellmarikåpe, fjellkattefot, flekkmure, finnskjegg, legeveronika, rundbelg, mogop og bergstarr. På kjeldemyra vart jáblom registrert (storrartene hardt nedbeita). Av beitemarksopp vart lillabrun raudspore (NT), spissvokssopp, kjeglevokssopp og papegøyevokssopp registrert i 2018.

Framande artar: Ingen registrerte.

Bruk, tilstand og påverknad: Området beitast av storfe og sau på utmarksbeite, og beitepresset var i 2018 godt på det meste av lokaliteten. Truleg vart det beita noko hardare her dette året enn vanleg pga. tørkesommaren. Einer og vier får stadig større utbreiing på lokaliteten, samtidig som spreidde bjørker kjem opp. Dette er eit utmarksareal, og det har ikkje vorte gjødsla her.

Skjøtsel og omsyn: I skjøtselsplanen for området vert det føreslege å rydde bjørk, einer og vier på lokaliteten, gradvis og manuelt.

Verdsetting: Basert på verdettingskriteria for naturbeitemark i faktaark frå august 2015 (Miljødirektoratet 2015) oppnår lokaliteten høg vekt på storleik (20 daa) middels vekt på arts mangfald

(meir enn 20 kjenneteiknande artar), lav vekt på raudlisteartar (2 NT-artar), middels vekt på tilstand (lite attgrodd, ingen teikn til gjødsling, middels beitetrykk) og høg vekt på påverknad (moderat eks-tensiv bruk, utan inngrep og framande artar). Dette gje grunnlag for å gje lokaliteten verdien viktig (B).

Lokalitetsnamn:	Kvanndalsvollsætre
Naturtype:	Naturbeitemark
Utforming:	Rik beiteeng
Verdi:	Viktig – B
Undersøkt/kjelder:	Feltsjekk Helge Fjeldstad 14.8.2018, Geir Gaarder og Mathilde Lorentzen 3.9.2018

Skildring:

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeida av Helge Fjeldstad i Miljøfaglig Utredning 10.1.2019, basert på synfaringar av lokaliteten 14.8. og 3.9.2018. Kartlegginga vart gjort på oppdrag av Nasjonalparkforvaltaren i Breheimen i samband med utarbeiding av skjøtselsplan for Høydalen landskapsvernområde. Det er ikkje tidlegare registreringar frå lokaliteten. Raudlistestatus er basert på Norsk raudliste for artar 2015 (Henriksen & Hilmo 2015).

Plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på vollen aust for seterhusa på Kvanndalsvollsætre i Søre Høydalen. Den er avgrensa av Høydalsvatnet i sør og Høydalsvegen i nord. I vest er det gradvis overgang mot meir gjødselpåverka eng. Berggrunnen i området består av mørk fyllitt og glimmerskifer i Fortun-Vangdekket. Det er grunt morenedekke i den sørveste lia ned mot Høydalsvatnet.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturbeitemark hovudsakeleg av typen rik beiteeng. Etter NiN-systemet er det snakk om svakt kalkrik eng med klart hevdpreg og svakt preg av gjødsling (T32-C-20).

Artsmangfold: Artsmangfaldet av karplanter er ikkje særskilt rikt. Sølvbunke veks på meir frisk/fuktig mark og her er også noko oppslag av einer og vier. Av beitemarkssopp vart raudlisteartane fagerraudspore (NT) *Entoloma queletii* og rombesporet raudspore (VU) *E. rhombisporum* registrert. Det vart også funne andre arter av beitemarkssopp som kjeglevokssopp *Hygrocybe conica* (2 funn), beiteraudspore *Entoloma sericeum*, prydraudspore *E. serrulatum* (2 funn), hetteraudspore *E. infula* (2 funn), bronseraudspore *E. formosum* (2 funn) og blårandraudspore *E. caesiocinctum*.

Framande artar: Ingen registrerte.

Bruk, tilstand og påverknad: Storfe og sau sleppast inn på setervollen for å beite. Beitepresset var i 2018 godt på lokaliteten. Den avgrensa lokaliteten er lite prega av attgroing, men noko opplag av einer og vier finnast. Truleg har det vore noko gjødsling på desse areala innafor gjerdet på vollen.

Skjøtsel og omsyn: I skjøtselsplanen for området vert det føreslege å fortsette beite som no og ikkje tilføre kunstgjødsel. På sikt bør det også vurderast å rydde einer og vier om attgroinga tiltek.

Verdsetting: Basert på verdettingskriteria for naturbeitemark i faktaark frå august 2015 (Miljødirektoratet 2015) oppnår lokaliteten høg vekt på storleik (>2 daa) middels vekt på raudlisteartar (1 VU-art og 1 NT-art), middels vekt på tilstand (lite attgrodd, svake spor av gjødsling, middels beitetrykk) og lav vekt på arts mangfold (minimum 15 kjenneteiknande artar). Dette gje grunnlag for å gje lokaliteten verdien viktig (B).

Lokalitetsnamn:	Nørdre Høydalen
Naturtype:	Naturbeitemark
Utforming:	Rik beiteeng/rik beitefukteng
Verdi:	Viktig – B
Undersøkt/kjelder:	Feltsjekk Bjørn Harald Larsen 8.8.2018

Skildring:

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeida av Bjørn Harald Larsen i Miljøfaglig Utredning 9.1.2019, basert på eigen synfaring av lokaliteten 8.8.2018. Kartlegginga vart gjort på oppdrag av Nasjonalparkforvaltaren i Breheimen i samband med utarbeiding av skjøtselsplan for Høydalen landskapsvernområde. Det er ikkje tidlegare registreringar frå lokaliteten. Raudlistestatus er basert på Norsk raudliste for arter 2015 (Henriksen & Hilmo 2015).

Plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ovanfor Høydalsvegen i setergrenda Nørdre Høydalen. Her strekkjer naturbeitemarka seg eit godt stykke opp i lia, i veksling med rikmyr og boreal hei. Berggrunnen i området består av mørk fyllitt og glimmerskifer i Fortun-Vangdekket. Det er grunt morenedekke, skredmateriale og toryjord i denne bratte og sørvendte lia.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Mosaikkprega lokalitet med naturbeitemark, boreal hei og rikmyr, truleg gamal slåttemyr. Naturbeitemarka har for det meste kalkrik beiteeng, men også kalkrik beitefukteng utgjer større areal nedanfor rikmyrene. Fleire bratte ekstremrike fastmattemyrer førekjem i lange og smale drag brote opp av fastmark med beiteeng og boreal hei (dels gamle rasmarksvifter). Det har også gått små ras her nyleg. Etter NiN-systemet er kalkrik fukteng med mindre hevdpreg (T32-C-9) dominerande grunntype i denne lia, med svakt kalkrik eng med mindre hevdpreg (T32-C-5) og svakt kalkrik tørreng med mindre hevdpreg (T32-C-15) på smale/mindre areal med tørrare mark. Heilt ned mot vegen er det svakt kalkrik eng med klart hevdpreg (T32-C-20). I øvre del av lia går det over i kalkrik semi-naturleg myr (V9-C-3), som truleg også kan tolkast som naturleg myr – og då temmeleg til ekstremt kalkrike myrflater (V1-C-4). Heilt øvst er det gradvis overgang til svakt kalkrik boreal lynghei (T31-C-8), medan det mellom fuktenger og semi-naturleg myr lenger ned er kalkrik kjeldepåverka boreal frisk hei (T31-C-14).

Artsmangfold: I dei fuktige og friske engpartia veks artar som jáblom, harerug, dvergjamne, småengkall, gulstorr, tepperot, kvitbladtistel, fjelltistel, fjellfrøstjerne, bleikstorr og hårstorr, medan det på tørrare mark kjem inn flekkmure, marinøkkel, bakkesøte (NT), finnskjegg, gulmaure, tiriltunge, kattefot, gulaks og fjellmarikåpe. Dei ekstremerike bakkemyrene og kjeldene har innslag av agnorstorr, bjørnebrodd, sveltull, småsivaks, svarttopp, gulstorr, gulsildre og brudespore. I 2005 vart det også funne fjellmarinøkkel, bergskrinneblom, skavgras, taggbregne, fjellfiol, snøbakkestjerne og mogop her.

Framande artar: Ingen registrerte.

Bruk, tilstand og påverknad: For det meste er dei gamle beitemarkane ovanfor Høydalsvegen så fuktige at vier er eit større problem enn einer med omsyn til attgroing, dels er det snakk om gamle slåtte- og beitemyrer som er i ferd med å gro att. Området beitast av storfe og sau på utmarksbeite, og beitepresset var i 2018 moderat til dårleg på det meste av lokaliteten. Truleg vart det beita noko hardare her dette året enn vanleg pga. tørkesommaren. Særleg vier får stadig større utbreiing på lokaliteten, samtidig som spreidde bjørker kjem opp. Dette er eit utmarksareal, og det har ikkje vorte gjødsla her.

Skjøtsel og omsyn: I skjøtselsplanen for området vert det føreslege å rydde bjørk, einer og vier på lokaliteten, gradvis og manuelt.

Verdsetting: Basert på verdettingskriteria for naturbeitemark i faktaark frå august 2015 (Miljødirektoratet 2015) oppnår lokaliteten høg vekt på storleik (24 daa), middels vekt på arts mangfold (meir enn 20 kjenneteiknande artar), lav vekt på raudlisteartar (1 NT-art), middels vekt på tilstand

(lite attgrodd, ingen teikn til gjødsling, middels beitetrykk) og høg vekt på påverknad (moderat eks-
tensiv bruk, utan inngrep og framande artar). Dette gjev grunnlag for å gje lokaliteten verdien viktig
(B).

Lokalitetsnamn: Nyhussætre
Naturtype: Naturbeitemark
Utforming: Rik beitetørreng
Verdi: Lokalt viktig – C
Undersøkt/kjelder: Feltsjekk Bjørn Harald Larsen 8.8.2018

Skildring:

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeida av Bjørn Harald Larsen i Miljøfaglig Utredning 9.1.2019,
basert på eigen synfaring av lokaliteten 8.8.2018. Kartlegginga vart gjort på oppdrag av Nasjonal-
parkforvaltaren i Breheimen i samband med utarbeiding av skjøtselsplan for Høydalen landskaps-
vernområde. Det er ikkje tidlegare registreringar frå lokaliteten. Raudlistestatus er basert på Norsk
raudliste for arter 2015 (Henriksen & Hilmo 2015).

Plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg dels på setervollen til Nyhussætre (i bakken nedanfor
seterhusa), dels utanfor gjerdet vest for seterhusa. Lokaliteten er omgitt av gjødsla eng (mot sør) og
boreal hei. Berggrunnen i området består av mørk fyllitt og glimmerskifer i Fortun-Vangdekket. Det
er grunt morenedekke, skredmateriale og torvjord i denne bratte og sørsvendte lia.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturbeitemark med rik beitetørreng i dei bratte,
sørsvende bakkane, samt noko rik beiteeng på nord- og austvendt areal. Vegetasjonstype er flekk-
mure-sauesvingel-eng (G8b etter Fremstad). Etter NiN-systemet er det snakk om svakt kalkrik
törreng med klart hevdpreg (T32-C-20) og svakt kalkrik eng med klart hevdpreg (T32-C-20), samt
noko svak kalkrik eng med mindre hevdpreg (T32-C-5).


Artsmangfold: Bakkesøte (NT) veks på knausen vest for seterhusa, saman med mellom anna
gulmaure. Nedanfor seterhusa vart flekkmure, blåklokke, kvitmaure, rylik, hårvæve, småengkall,
tysk mure, lodnerublom, raudknapp, fjellrapp, bakkestjerne, dunkjempe, gulmaure, tepperot og se-
termjelt notert.

Framande artar: Ingen registrerte.

Bruk, tilstand og påverknad: Beitedyr sleppast inn på setervollen i periodar, og beitetrykket i den
bratte bakken her var moderat til godt i 2018. Det same kan seiast om knausen vest for seterhusa,
som er ein del av utmarksbeitet i Nørdre Høydalen.

Skjøtsel og omsyn: For å bevare naturverdiane er det viktig at beitetrykket i utmarksarealet i Nørdre
Høydalen oppretthaldast samst at det framleis sleppast beitedyr inn på setervollen. Attgroing med
einer er ikkje eit problem på denne lokaliteten.

Verdsetting: Basert på verdettingskriteria for naturbeitemark i faktaark frå august 2015 (Miljødi-
rektoratet 2015) oppnår lokaliteten høg vekt på storleik (3,2 daa), lav vekt på artsmanfald (meir
enn 15 kjenneteiknande artar), lav vekt på raudlisteartar (1 NT-art), høg vekt på tilstand (ingen att-
groing, ingen teikn til gjødsling, middels/godt beitetrykk) og høg vekt på påverknad (moderat eks-
tensiv bruk, utan inngrep og framande artar). Dette gjev grunnlag for å at lokaliteten får verdien lo-
kalt viktig (C).



Miljøfaglig Utredning AS var etablert i 1988. Firmaet sitt hovedformål er å tilby miljøfagleg rådgiving. Verksemdområder omfattar mellom anna:

- Kartlegging av naturmangfold
- Konsekvensanalyser for ulike tema, blant anna: Naturmangfold, friluftsliv, reiseliv og landbruk
- Utarbeiding av forvaltingsplanar for verneområder
- Utarbeiding av kart (illustrasjonskart og GIS)
- FoU-verksemd
- Foredragsverksemd

Heimeside: www.mfu.no

Org.nr.: 984 494 068 MVA

ST 16/21 Delegerte vedtak /

**DS 24/21 Delegert vedtak - Breheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel
på snødekt mark til fiskebu ved Lundadalsvatnet - 2022-2024 - Nils
Bjarne Lund 2021/3689**

**DS 25/21 Delegert vedtak - Dispensasjon - Mørkridsdalen
landskapsvernområde - Knivabakkli - Motorferdsel - Helikoptertransport
av material/stein til restaurering av sel - Jon Bolstad 2021/4840**

**DS 26/21 Delegert vedtak - Dispensasjon - Motorferdsel - 2021-2022 -
Snødekt mark - Sikilbreen - JOSTICE 2021/3660**

ST 17/21 Eventuelt /